



Høgskulen  
på Vestlandet

# BACHELOROPPGÅVE

Digitalisering i rekneskapsbransjen

Digitalization in the accounting industry

**Karoline Salbu og Line Romsøe**

Kandidatnummer: 215 og 209

Bachelor i økonomi og administrasjon

Institutt for økonomi og administrasjon

Fakultet for økonomi og samfunnsvitenskap

Emnekode: BO6-2001

Rettleiar: Jon Arve Hatlevoll

Innleveringsdato: 26.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

# Forord

Denne bacheloroppgåva er ei avsluttande oppgåve innan økonomi og administrasjon ved Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Vi har valt å fokusere på digitalisering og korleis det har påverka arbeidsoppgåver og kompetanse i rekneskapsbransjen. Det har vore ein interessant og spennande prosess, og temaet er relevant for vår komande jobb i rekneskapsbransjen.

Vi har jobba med bacheloroppgåva frå januar til mai. Undervegs i oppgåveskrivinga har vi jobba jamt og trutt, og det har vore ein lærerik, spennande og til tider krevjande prosess. Vi føler oss no betre rusta til å møte den nye arbeidskvardagen.

Vi ynskjer å rette ein ekstra stor takk til rettleiaren vår Jon Arve Hatlevoll, som har gjeve oss god rettleiing gjennom heile prosessen, gode råd og hjelpt oss i riktig retning. Han har hatt god kunnskap rundt temaet vårt og vore til god hjelp.

Vidare vil vi også takke dei tilsette hjå rekneskapsverksemdene som vi fekk gleda av å intervjuje. Vi er takksame for at dei tok seg tid og gav oss gode og innsiktsfulle svar, som ga oss ein djupare forståing for korleis digitalisering har påverka deira arbeidskvardag.

Til slutt vil vi også rette ei stor takksemd til våre næraste for tolmod, støtte og hjelp i denne travle perioden.

God lesing.

# Samandrag

Ifølgje Klaus Schwab (2016) er samfunnet på randen av ein teknologisk revolusjon så stor at den vil endre måten vi jobbar på. Dei teknologiske endringane vi ser i verda i dag vil om få år allereie ha utvikla seg. Teknologisk utvikling og digitalisering vil med tida skape store moglegheiter i fleire bransjar, deriblant rekneskapsbransjen. Vi har gjennom studietida vore ekstra interessert i rekneskapsfag og valet falt på digitalisering då dette er- og vil i framtida, vere svært relevant. Føremålet med oppgåva har vore å undersøke om digitalisering er komen så langt på veg at den har endra arbeidsoppgåvene og kompetansebehovet til rekneskapsførarar, og korleis framtida for bransjen blir. For å belyse problemstillinga på best mogleg måte formulerte vi tre forskingsspørsmål og studien nytta kvalitativ forskingsmetode for å innhente empiri.

Digitalisering handlar om å gå frå analogiske og papirbaserte løysingar til elektroniske og digitale løysingar (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014). Digitalisering har medført eit endra kundebehov i bransjen. Kunder i dag møter på fleire komplekse problemstillingar der mellom anna rekneskapsførarar må kunne kommunisere ut gode løysingar. Digitale tenester som skybasert rekneskap, har ført til at kunder forventar meir av sine rekneskapsførarar og har sjølv ein meir aktiv rolle i sitt eige rekneskap. Det krevst mellom anna at rekneskapen er oppdatert til ei kvar tid og rekneskapsførarar må utføre oppdrag som går utafør det som er basis rekneskapstenester.

Den digitale utviklinga er berre så vidt i gong og det vil skje svært mykje innanfor rekneskapsbransjen dei neste åra. For at rekneskapsbransjen skal vere konkurransedyktig er det svært viktig at rekneskapsførarar tør å vere med i den teknologiske utviklinga. Det betyr å nytte seg av digitale rekneskapsverktøy og få kunder opp i skya.

Mykje tyder på at det alltid vil vere behov for rekneskapsførarar, uansett kor digitalisert bransjen blir. Sjølv om mykje av dei rutinebaserte rekneskapsoppgåvene er digitalisert og effektivisert, vil det i framtida framleis vere behov for mellom anna rådgjeving og kontrollering som rekneskapsførarar må handtere. For å møte framtidens rekneskapsbransje trengs det betre spissa kompetanse hjå rekneskapsførarar.

# Abstract

According to Klaus Schwab (2016), society is on the verge of a technological revolution so significant that it will change the way we work. The technological changes we see in the world today will have already evolved in just a few years. Technological development and digitalization will eventually create significant opportunities in several industries, including the accounting industry. Throughout our studies, we have been particularly interested in accounting and chose to focus on digitalization as it is, and will continue to be, highly relevant in the future. The purpose of this task has been to investigate whether digitalization has progressed to the point of changing the tasks and skill requirements of accountants, and to explore the future of the industry. To address the research question effectively, we formulated three research questions, and the study used a qualitative research method to gather empirical data.

Digitalization involves transitioning from analog and paper-based solutions to electronic and digital solutions (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014). Digitalization has led to a shift in customer needs within the industry. Today, customers encounter more complex issues where accountants, among other things, must be able to communicate effective solutions. Digital services such as cloud-based accounting have raised customer expectations of their accountants and have given customers a more active role in their own accounting. This requires, among other things, keeping the accounts updated at all times and accountants undertaking tasks beyond basic accounting services.

The digital development is only just beginning, and there will be significant changes within the accounting industry in the coming years. For the accounting industry to remain competitive, it is crucial that accountants embrace technological advancements. This means using digital accounting tools and getting customers on board with cloud-based solutions.

There is strong evidence to suggest that there will always be a need for accountants, regardless of how digitalized the industry becomes. Although many routine accounting tasks have been digitalized and optimized, there will still be a need for services such as advisory and auditing that accountants will need to handle. To meet the demands of the future accounting industry, accountants will require more specialized skills.

# Innholdsliste

<b>1.0 Innleiing.....</b>	<b>1</b>
1.1 Introduksjon.....	1
1.2 Bakgrunn for val av tema.....	2
1.3 Relevans.....	2
1.4 Hensikt og problemstilling .....	2
1.5 Avgrensing .....	3
1.6 Oppgåva si struktur .....	3
<b>2.0 Teori .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1 Rekneskapsen si historie.....</b>	<b>5</b>
2.2 Forklaring av rekneskapsfører, rekneskapsverksemd og rekneskap .....	5
2.2.1 Rekneskapsfører.....	5
2.2.2 Rekneskapsverksemd .....	6
2.2.3 Rekneskap .....	6
2.3 Digitalisering i rekneskapsbransjen .....	6
2.3.1 Automatisering .....	7
2.3.2 Kunstig intelligens .....	9
2.3.4 Skybasert rekneskap .....	10
2.4 Arbeidsoppgåver hjå rekneskapsførarar.....	11
2.4.1 Historiske arbeidsoppgåver til rekneskapsførarar .....	11
2.4.2 Arbeidsoppgåver til dagens rekneskapsførarar .....	12
2.5 Kompetanse hjå rekneskapsførarar .....	14
2.5.1 Dagens kompetansebehov hjå rekneskapsførarar .....	14
2.5.2 Framtidas kompetansebehov.....	15
<b>3.0 Metode.....</b>	<b>17</b>
3.1 Forskingsdesign .....	17
3.1.1 Intensivt- og ekstensivt design.....	18
3.1.2 Problemstilling .....	18
3.1.3 Val av forskingsdesign .....	18

3.2	<i>Forskingsmetode</i> .....	19
3.2.1	Kvalitativ metode .....	19
3.2.2	Kvantitativ metode.....	19
3.2.3	Val av forskingsmetode .....	20
3.3	<i>Datainnsamling</i> .....	20
3.3.1	Sekundærdata .....	20
3.3.2	Primærdata - opne individuelle intervjuet.....	21
3.4	<i>Utval</i> .....	21
3.4.1	Populasjon .....	22
3.4.2	Utval.....	22
3.5	<i>Kvalitet på forskning</i> .....	23
3.5.1	Intern gyldighet.....	23
3.5.2	Ekstern gyldighet.....	23
3.5.3	Pålitelegheit .....	24
3.6	<i>Forskingsetikk</i> .....	25
3.6.1	Personvern .....	25
3.6.2	Frivillighet .....	26
<b>4.0</b>	<b>Empiri</b> .....	<b>28</b>
4.1	<i>Digitalisering og rekneskapsfører sine arbeidsoppgåver</i> .....	28
4.1.1	Kundar.....	29
4.1.2	Arbeidsoppgåver .....	30
4.1.3	Digitalisering og effektivisering .....	33
4.2	<i>Kompetanse i dag</i> .....	34
4.3	<i>Kompetanse i framtida</i> .....	36
4.4	<i>Avsluttande spørsmål</i> .....	39
<b>5.0</b>	<b>Drøfting</b> .....	<b>41</b>
5.1	<i>Digitalisering og rekneskapsfører sine arbeidsoppgåver</i> .....	41
5.1.1	Digitalisering .....	41
5.1.2	Arbeidsoppgåver .....	43
5.1.3	Kontrollarbeid og dokumentasjon .....	45
5.1.5	Spesialisering .....	46
5.2	<i>Kompetanse i dag</i> .....	48
5.3	<i>Kompetanse i framtida</i> .....	50

5.3.1 IT-kompetanse.....	50
5.3.2 Berekraftskompetanse .....	51
5.3.3 Rådgevingskompetanse .....	52
<b>6.0 Konklusjon .....</b>	<b>54</b>
6.1 Hovudfunn .....	54
6.2 Til vidare forskning.....	56
<b>7.0 Kjeldeliste .....</b>	<b>57</b>
<b>8.0 Vedlegg.....</b>	<b>61</b>
Vedlegg 1 – Bakgrunnsinformasjon respondentar.....	61
Vedlegg 2 – Intervjuguide .....	62

# 1.0 Innleiing

I dette kapitlet skal vi presentere mellom anna hensikt med studien og bakgrunn for val av tema. Kapitlet skal også ta føre seg problemstilling og forskingsspørsmål som skal vere til hjelp for å svare på problemstillinga. Avslutningsvis vil det bli gitt ei oversikt over studien sin disposisjon. Dette for å gi lesaren av studien betre innsikt og forståing av oppgåva si struktur.

## 1.1 Introduksjon

Dei tidlegaste bevisa på rekneskapsmateriale er rundt 7 000 år gamle. I 1494 kom den første boka som skildrar det «dobbelte bokholdars prinsipp» av Luca Pacitoli. Den industrielle revolusjonen på 1800- talet førte mellom anna til framveksten av det tradisjonelle rekneskapsystemet slik vi kjenner det i dag (Baksaas & Stenheim, 2020, s. 39). Dei 20 siste åra har utviklinga gått enda raskare med fleire digitale løysingar som har ført til at den manuelle rekneskapsføringa i større grad består av digital rekneskapsføring.

Rekneskapsbransjen blir sterk påverka av den digitale utviklinga og opnar opp fleire moglegheiter for både kundar og rekneskapsførarar (Forberg, 2022). Teknologisk utvikling har også opna for automatisering av fleire prosessar innanfor rekneskapsbransjen. Dette fører til at fleire av rekneskapsførarar sine tradisjonelle oppgåver er på veg ut. Dette gjelder særleg oppgåver relatert til rapporteringssystem. Til dømes er papirfaktura bytta ut med EHF-faktura, og skybaserte rekneskapsystem gjer det enklare for kunden å ha kontroll på eigen økonomi (Basker & Tjølsen, 2016, s. 4). Oppgåver i rekneskapsbransjen blir automatisert av mellom anna kunstig intelligens, som er med på å frigjere tid rekneskapsførarar kan bruke på andre viktige oppgåver (Holm, 2021).

Den digitale utviklinga har ført til endringar i lovverk som medfører meir tidkrevjande elektronisk rapportering og redusert behov for tradisjonell bokføring. Rekneskapsnær rådgjeving vert framheva som framtida i rekneskapsbransjen (Basker & Tjølsen, 2016, s. 5).



## 1.2 Bakgrunn for val av tema

Vi har gjennom studietida hatt ei ekstra interesse for rekneskapsfag og valet falt naturlig på forskning av dette fagområdet. Gjennom studietida har vi opplevd at mange utanforståande undrar seg over val av studieretning. Vi har stadig opplevd å få spørsmål om dette er eit yrke som vil bestå i framtida. Det er med bakgrunn i dette spørsmålet som førte til at vi ynskte å utforske om digitalisering har medført så store endringar at rekneskapsbransjen er på veg ut.

## 1.3 Relevans

Sjølv om digitalisering er eit tema det er mykje forska på i tidlegare studiar ser vi framleis på dette som eit aktuelt tema å forske meir på. Det er eit område med rask utvikling, og det kan allereie vere nyare forskning som gir oss ny informasjon om påverknad av digitalisering i rekneskapsbransjen. Digitaliseringa og utviklinga som pregar rekneskapsbransjen vil fortsette i mange år framover og vil særleg prege vår arbeidskvardag som rekneskapsførarar. Difor ser vi på dette området som eit svært relevant tema å ha god kunnskap om når vi skal ut i jobb.

## 1.4 Hensikt og problemstilling

Oppgåva si hensikt er å belyse om arbeidsoppgåvene og kompetanseområdet til rekneskapsførarar har endra seg grunna den teknologiske utviklinga verda står ovanfor. Med dette som bakgrunn lyder problemstillinga vår som følger: *«På kva måte har digitalisering endra arbeidsoppgåvene og kompetansebehovet til dagens og framtidens rekneskapsførarar».*

For å svare på oppgåva si problemstilling på ein god måte har vi formulert tre forskingsspørsmål. Desse lyder som følger:

Forskingsspørsmål 1: Har digitalisering ført til ei endring av rekneskapsførar sine arbeidsoppgåver?

Forskingsspørsmål 2: Kva kompetanse treng dagens rekneskapsførarar?

Forskingsspørsmål 3: Kva kompetanse har rekneskapsbransjen behov for i framtida?

## 1.5 Avgrensing

Grunna oppgåva si omfang og struktur ser vi oss nøydd til å avgrense oppgåva på nokre punkter. Avgrensa ressursar gjere til at vi, på bakgrunn av både hensikt med studien og problemstilling, vel å leggje fokus på rekneskapsførarar sine opplevingar rundt digitalisering i rekneskapsbransjen. For å svare på oppgåva si problemstilling på ein god og relevant måte vel vi å innhente empiri frå rekneskapsførarar eller rekneskapsmedarbeidarar med relevante rekneskapsfag.

Grunna avgrensa ressursar og kapasitet i forbinding med innhenting av data såg vi det nødvendig å avgrense det geografiske området til verksemder lokalisert i gamle Sogn og Fjordane. Det kan føre til at funna i studien ikkje kan generaliserast til ein større populasjon, men dette blir ein svakheit ved oppgåva som vi må ta omsyn til.

## 1.6 Oppgåva si struktur

Studien er delt inn i 6 hovudkapittel som skal bidra til å svare på oppgåva si problemstilling.

### Kapittel 1 - Innleiing

I kapittel 1 vil vi presentere bakgrunn for val av tema og definere oppgåva si problemstilling. Det vert utforma nokre forskingsspørsmål som har til hensikt for lesar å oppnå ein djupare og betre forståing av tematikken.

### Kapittel 2 - Teori

I teorikapittelet skal vi forsøke å presentere ulik teori og forskning på fagområde som er relevant for å svare på problemstilling og forskingsspørsmål. I tillegg vil det bli gjort greie for definisjonar og omgrep i rekneskapsbransjen for gi lesar betre forståing av bransjen.

### Kapittel 3 - Metode

Dette kapittelet skal greie ut om val av metode i vår studie. Vi vil presisere kva type forskingsdesign og forskingsmetode vi ser på som hensiktsmessig å bruke for på best mogleg måte svare på problemstillinga. Vidare tar vi for oss framgangsmåte brukt for innhenting av

data og kvaliteten på data vi har henta inn. Avslutningsvis vil vi opplyse om kva tiltak vi har gjort for å oppretthalde god forskningsetikk.

#### Kapittel 4 – Empiri

Kapittel 4 skal presentere dei resultat som er kome fram av datainnsamlinga. Resultata er basert på opne individuelle intervju med informantar frå ulike rekneskapsverksemder. Dette kapittelet er ei gjenforteljing av intervju.

#### Kapittel 5 - Drøfting

Drøftingsdelen skal danne grunnlag for diskusjon og refleksjon rundt studiens tema. Dette vert gjort ved å drøfte teori og empiri mot kvarandre.

#### Kapittel 6 – Konklusjon

Her vil vi basert på drøfting i kapittel 5 kome med konklusjon på problemstillinga og presentere forslag til vidare forskning.

## 2.0 Teori

Føremålet med teorikapittelet er å presentere teori og litteratur på området som er relevant for studien. Kapittelet skal også danne det teoretiske grunnlaget for å svare på oppgåva sine forskingsspørsmål som dermed kan resultere i ein konklusjon på problemstillinga. Første del av teorien handlar om å definere viktige omgrep i rekneskapsbransjen. Deretter vil oppgåva ta føre seg omgrep knytt til digitalisering og korleis dette har påverka både rekneskapsbransjen og rekneskapsførarar. I siste del av teorien blir det gjort greie for litteratur på det som vert framtidens arbeidsoppgåver og kompetansebehov til rekneskapsførarar.

### 2.1 Rekneskapen si historie

Ifølgje Baksaas & Stenheim (2020, s.37) vart dei tidlegaste bevisa på rekneskapsmateriale oppdaga i Mesopotamia for rundt 7 000 år sidan. Luca Pacitoli gav i 1494 ut den første boka som skildra det «dobbelte bokhaldars prinsipp». Prinsippet inneber at det skal førstast like mykje til debet som til kredit ved posteringar, slik at summen av alle posteringar går i null. Den industrielle revolusjonen på 1800- talet førte mellom anna til framveksten av den tradisjonelle rekneskapen, som deretter har utvikla seg til det vi kjenner i dag (Baksaas & Stenheim, 2020, s. 37). Tusenårsskiftet førte med seg fleire digitale løysingar som har ført til at manuell rekneskapsføring er på veg ut eller gått over til e-rekneskap (Riise, 2004, s. 51).

### 2.2 Forklaring av rekneskapsførar, rekneskapsverksemd og rekneskap

#### 2.2.1 Rekneskapsførar

Rekneskapsførar er ifølgje Kristoffersen (2017, s. 189-190) ein person som kan utføre rekneskapsoppdrag for andre i næring. Regnskap Norge (u.å.-b) seier at rekneskapsførar si viktigaste rolle er å hjelpe verksemdar med rekneskapen. Rekneskapsførarar har ansvar for å sikre at alle relevante opplysningar takast med i rekneskapen for å syne eit riktig og fullstendig bilete av den økonomiske situasjonen til verksemda. Samstundes er også rekneskapsførar ein sentral samtalepartner for sine kundar, for å finne gode løysingar på deira økonomiske utfordringar. Vidare skriv Regnskap Norge (u.å.-b) at rekneskapsførarar

oppnår autorisasjon dersom ein har tilstrekkeleg utdanning og erfaring. For å starte eiga rekneskapsbedrift og ha moglegheit til å ta på seg oppdrag for sine kundar må ein rekneskapsfører vere autorisert (Regnskap Norge, u.å.-b). Når rekneskapsførarar skal utføre oppgåver innanfor rekneskap er det fleire lover og reglar dei må følgje. Jamfør lov om regnskapsførere §5-4 første ledd skal rekneskapsførarar utføre oppgåver som omfattast av eit rekneskapsoppdrag i samsvar med dei pliktene som er nemnt i §1-2 (1) og god rekneskapsføringsskikk. Lov om regnskapsførere §1-2 (1) seier at rekneskapsfører er mellom anna pliktig til å følgje bokføringslova og rekneskapslova når dei driv med rekneskapsføring. Rekneskapsførarar pliktar altså å følgje lover og reglar ved utføring av arbeidsoppgåver innanfor rekneskap.

### 2.2.2 Rekneskapsverksemd

Rekneskapsverksemd er ifølgje Fiken (u.å) ei verksemd som tilbyr tenester innanfor rekneskap, for andre verksemdar. Rekneskapsverksemdar består av rekneskapsførarar og dei vanlegaste oppgåvene dei tilbyr seg å utføre for sine kundar er; bokføring, lønnskøyting, kontroll på A-meldingar og arbeidsgivaravgift, og innrapportering til myndigheitene (Fiken, u.å.). Ifølgje Synega (2021) driv rekneskapsverksemdar også med finansiell rådgjeving om korleis kundar kan styre og forvalte verksemda sin økonomi på best mogleg måte.

### 2.2.3 Rekneskap

Eit rekneskap er ifølgje Visma (u.å.) ei systematisk registrering over inntekter, kostnader, eigendel og gjeld. Det skal vere eit hjelpemiddel for å kunne vurdere verksemdas økonomiske stilling (Visma, u.å.). Formålet til rekneskapen er å gje god nok informasjon til interne og eksterne interessentar som verksemda er avhengig av, slik at dei er i stand til å fatte gode avgjersler om resursallokering (Baksaas & Stenheim, 2020, s. 146).

## 2.3 Digitalisering i rekneskapsbransjen

Klaus Schwab (2016) i «World Economic Forum» uttaler at samfunnet er på randen av ein teknologisk revolusjon så stor at det vil endre måten vi jobbar på. Vidare argumentera han

for at digitaliseringa har kome så langt at det skapar eit utgangspunkt for ein fjerde industriell revolusjon (Schwab, 2016). Verda har opplevd over 100 år med eksponentiell vekst i IT-verda og dei teknologiske endringane i framtida vil fortsette å vekse hyppig. Utvikling og digitalisering kan skape nye moglegheiter på fleire områder, mellom anna innanfor rekneskapsbransjen (PwC, u.å.-a).

Digitalisering er ifølgje Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014) å utnytte teknologi til å fornye, forenkle og forbetre tenester. Det handlar i stor grad om å tilby nye og betre tenester som er lette å bruke, effektive og pålitelege. Dersom verksemder legg til rette for digitalisering kan dette auke verdiskaping, innovasjon og større produktivitet i både offentleg og privat sektor. Digitalisering kan også omtalast som ein «samlebetegnelse for overgangen frå analoge, mekaniske og papirbaserte løysningar, prosesser og systemer, til elektroniske og digitale løysningar» (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014 Avsnitt 3). Det inneber at etablering av nye IT-system som opprettheld rutinar som før vart utført manuelt, også skal omtalast som digitalisering. Digitalisering er ein måte å introdusere ny teknologi i ei verksemd som kan forenkle kompliserte regelverk og fornye gammal praksis (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014)

Ein viktig del av digitalisering og effektivisering handlar ifølgje Sintef (u.å.) om automatisering og robotisering, kunstig intelligens og Big Data. Dette kan sjåast på som viktige områder som driv digitalisering framover. Digitalisering handlar altså om å ta i bruk alle desse områda for å forenkle arbeidsprosessane og utvikle nye digitale løysingar i mellom anna rekneskapsbransjen. I dei neste avsnitta vert det gjort greie for dei ulike digitaliseringsmetodane og korleis desse har bidrege i rekneskapsbransjen (Sintef, u.å.).

### 2.3.1 Automatisering

Automatisering er ifølgje Andersen (2021) ein teknikk for å utvikle system som fungerer utan, eller i så liten grad av, menneskeleg medverknad, og som i sin heilheit kan nyttast på områder der det er ynskjeleg å erstatte menneskeleg arbeidskraft med system (Andersen, 2021). Automatisering kan brukast innanfor fleire områder, deriblant rekneskap, for å auke

produktiviteten og digitalisere fleire av dei oppgåvene som før vart utført manuelt (Sintef, u.å.).

Robotic process automation (RPA) er ein måte å automatisere arbeidsprosessar og oppgåver på (PwC, u.å.-b). RPA-robotar er eit verktøy som brukast for å utføre manuelle, tidkrevjande og regelbaserte kontoroppgåver på ein meir effektiv måte (Torlone et al., 2016, s. 2).

Degrum og Hafredal (2018) omtala RPA som ein programvare som kan etterlikne måten menneskje interagerer med datasystemet på, altså å etterlikne dei handlingane som menneskje utfører. RPA har den fordel at den kan overta mange av dei repeterande oppgåver som før vart utført av menneskje, kvaliteten på prosessen auka og det oppstår mindre fare for menneskeleg feil. Det skjer mykje innanfor teknologiområdet når det gjeld å automatisere rekneskapsprosessar og kan skape store moglegheiter for bransjen. Det er spådd at automatisering og robotisering i framtida kan overta mange av dei rutinebaserte og repeterande oppgåver som ein rekneskapsfører utfører (Degrum & Hafredal, 2018). Ved å implementere RPA i rekneskapsverksemdar kan dette frigjere tid rekneskapsførarar brukar til dei manuelle arbeidsoppgåvene, til andre komplekse oppgåver som framtida vil krevje av dei.

Automatisering av administrative system er i stadig utvikling, og utbetringa av elektronisk databehandling har ført til at automatiske rekneskapssystem, lønnsutbetalingssystem og faktureringssystem er vanleg praksis i mange rekneskapsverksemdar (Andersen, 2021).

Ifølgje Kvalheim (2020b) kan rekneskapssystema som brukast i dagens rekneskapsverksemdar i aukande grad automatisere mellom anna posteringar og løpande bokføringar. Automatisering av rekneskapsproduksjon bidreg til fordelar slik som sanntidsoppdatert informasjon, større fleksibilitet og betre arbeidsdeling med kunden.

Automatiske rekneskapssystem fører til at manuelle prosessar reduserast til eit minimum og ein oppnår betre nøyaktigheit i rekneskapsarbeidet, samt frigjer tid som rekneskapsførarar kan bruke på andre viktige oppgåver (Kvalheim, 2020b).

### 2.3.2 Kunstig intelligens

Kunstig intelligens (KI) handlar ifølgje PwC (u.å.-a) om å utvikle datasystem som kan lære av egne erfaringar og kan løyse ulike komplekse problemstillingar. Når ei maskin kan utføre oppgåver som eit menneskje snakkar ein om KI (PwC, u.å.-a). Det er mange ulike definisjonar på fenomenet kunstig intelligens fordi desse endrar seg i takt med den teknologiske utviklinga. I Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2020, s. 9) sin strategi for kunstig intelligens definerast KI som:


Kunstig intelligente systemer utfører handlinger, fysisk eller digitalt, basert på tolkning og behandling av strukturerte eller ustrukturerte data, i den hensikt å oppnå et gitt mål. Enkelte KI-systemer kan også tilpasse seg gjennom å analysere og ta hensyn til hvordan tidligere handlinger har påvirket omgivelsene. (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2020, s. 9)

Eit sentralt spørsmål å stille seg er om KI er ein trussel eller ein fordel for rekneskapsbransjen. Kunstig intelligens vart allereie introdusert på midten av 50-tallet og er dermed ikkje eit nytt fenomen. Grunnkonseptet med kunstig intelligens har ikkje endra seg stort, anna enn forbetring av algoritmar og betre tilgang til store mengder data. KI er allereie integrert i ein del av dagens rekneskapsverksemdar innan handsaming av mellom anna inngåande fakturaer og berekraftsrapportering (Ellefsen, 2022). Sjølv om KI er kome langt på veg, også i rekneskapsbransjen, er det førebels ikkje kunnskapsrikt nok til å lese av faktura sjølv og igangsette prosess deretter (Kvalheim, 2019). I tida som kjem blir det spådd at teknologien vil overta fleire arbeidsoppgåver innan rekneskapsbransjen (Kvalheim, 2020c).

#### 2.3.2.1 Forskjell mellom RPA og KI

Så kva er egentleg forskjellen på RPA og KI? RPA handlar om programvarerobotar som kan utføre manuelle eller repeterande arbeidsoppgåver, og som er utvikla til å utføre bestemte handlingar. Ved RPA må menneskje fysisk inn å gje beskjeder som systemet skal utføre. KI skil seg frå RPA i den grad at KI lærer av sine egne erfaringar og kan “tenke sjølv” som vist i figur 1. Læring og tenking er altså sentrale stikkord for å skildre forskjellen mellom KI og RPA. Fordi KI lærer av egne erfaringar og kan tenke sjølv, kan denne gjennomføre meir komplekse arbeidsoppgåver samanlikna med RPA som pila på figur 1 indikera.





Figur 1: Figuren viser forskjellen mellom RPA og KI .

Kjelde: Figur 1. CFB Bots (2018). The Difference between Robotic Process Automation and Artificial Intelligence.[Figur], (<https://cfb-bots.medium.com/the-difference-between-robotic-process-automation-and-artificial-intelligence-4a71b4834788>).

### 2.3.4 Skybasert rekneskap

For å forklare omgrepet skybasert rekneskap er det hensiktsmessig å først forstå kva skya egentleg handlar om. Skydata inneber å lagre og få tilgang til data og program over internett, i staden for å hente dette gjennom harddisken til datamaskina. Skya kan i utgangspunktet reknast som eit synonym for internett (Griffith, 2022).

Som kort forklart ovanfor er skya ei nemning for tenester lagra på eksterne servere til internett. Slike tenester gjeld mellom anna rekneskapssystem og vil innebere at tenesta alltid er tilgjengeleg på kva som helst eining så lenge rekneskapsførarar er på nett. Bruken av skybaserte rekneskapstenester er forventta å vekse dei kommande åra og handlar om det å utføre grunnleggjande rekneskapsoppgåver, som til dømes å bokføre billag eller sende fakturaer, i ein programvare på nett. Systemet verkar slik at ein enkelt loggar seg inn i systemet på nett og får tilgang til data som er henta frå eksterne servere (Centiga, 2022). Skybaserte rekneskapsløysingar skil seg frå andre tradisjonelle økonomisystem ved at all rekneskapsdata vert lagra i skya og ikkje i ein installert eller integrert programvare (Brænds

Økonomi, 2021). Nokre dømer på skybasert rekneskapssystem er mellom anna Duett, PowerOffice Go, Visma og Trippeltex (Austheim, u.å.).

Fordelar med å opprette rekneskap i skya er mellom anna eit tettare samarbeid mellom kundar og rekneskapsførarar der rekneskapen til ei kvar tid er oppdatert (Centiga, 2022). Skybaserte rekneskapssystem gir større fridom og fleksibilitet i forhold til tradisjonelle økonomisystem, ved at rekneskapsførarar alltid kan vise til oppdaterte rekneskapstal. Oppdaterte rekneskapstal bidreg til å fatte raskare og betre slutningar. Andre fordelar inneber betre kontroll og færre feil, som igjen aukar kvaliteten på rekneskapen. Skybaserte løysingar er laga for både rekneskapskyndige og for kundar utan økonomikompetanse, og er difor meir brukarvennlege og oversiktlege enn tradisjonelle system. Skybasert rekneskap legg til rette for betre kontroll og oversikt, bidreg til meir effektiv drift og lågare kostnader på sikt (Brænds Økonomi, 2021).

## 2.4 Arbeidsoppgåver hjå rekneskapsførarar

### 2.4.1 Historiske arbeidsoppgåver til rekneskapsførarar

Ifølge Riise (2004, s. 49) førte innføringa av lov om meirverdiavgift på slutten av 60-talet til ei auke i etablering av rekneskapsbyrå i Noreg. To - månadleg momsavgiftsterminar førte til behovet for løpande rekneskapsføring, og som ein konsekvens av dette oppstod det eit større behov for næringslivet å nytte ekstern rekneskapsførarar. Dette førte til eit betydeleg løft av autoriserte rekneskapsførar i bransjen i tusenårsskifte som betra kvaliteten på rekneskapen til kundane (Riise, 2004, s. 49). Rekneskapsførarlova trådde i kraft i 1993 og før denne lova var gjeldande kunne kven som helst tilby rekneskapstenester. Å gje små verksemdar betre tilgang på kompetent hjelp var eit av måla med den nye lova (Kvalheim, 2018). Lova kravde ifølge Riise (2004, s. 50) mellom anna at den som i næring førte rekneskap for andre, måtte vere autorisert rekneskapsførar.

Historisk sett har oppgåvene til ein rekneskapsførar vore prega av manuelle og rutineprega oppgåver (Lien, 2019). På 90-talet førte ein rekneskapen for hand og det var få rekneskapsførarar som hadde tilgang på datamaskin i arbeidskvardagen (Løvaas et al., 2018,

s. 168). Kundar leverte billag fysisk i papirform til rekneskapsførarar som vidare registrerte billaget manuelt i rekneskapssystemet, og seinare arkiverte desse i permar.

Rundt 2000-talet utførte rekneskapsførarar tenester som mellom anna bokføring, årsoppgjer og innrapportering av historisk data til myndighetene. På denne tida hadde allereie den teknologiske utviklinga ført til eit skifte frå «manuell rekneskapsføring» til «e-rekneskap». I tusenårsskiftet opplevde bransjen eit betydeleg løft og i ettertid har utskiftingstempoet auka. På starten av 2000-talet gjekk dei fleste rekneskapsverksemdar til innkjøp av eige datautstyr. Gode rekneskapssystem med integreringsmoglegheiter mot mellom anna lønn, fakturerings, kvalitetssikrings – og andre administrative system, vart i større grad føretrekt (Riise, 2004, s. 50–51). Den manuelle transaksjonsmengda vart redusert, og rekneskapsarbeidet bestod i større grad av scanning av billag og filoverføring. Internett og e-post blei ein viktig distribusjonskanal for rekneskapsførarar og tida var komen for elektroniske billag, elektronisk kontering og elektronisk filoverføring. Dette fekk store konsekvensar for utviklinga i rekneskapsbransjen (Riise, 2004, s. 51).

#### 2.4.2 Arbeidsoppgåver til dagens rekneskapsførarar

Ifølgje Løvaas et al. (2018, s. 166) leverer rekneskapsbransjen i hovudsak tenester knytt til løpande bokføring, innberetning og rapportering av lønn, skatt og utarbeiding av årsrekneskap og årsberetning (Løvaas et al., 2018, s. 166). Vanlege rekneskapsoppgåver består mellom anna av bokføring, årsrekneskap, likningsoppgåver, lønn og personal, og fakturering (Kristoffersen, 2017, s. 195). Rekneskapsprodusentar si oppgåve består i stor grad av å kvalitetssikre automatiseringa av til dømes fakturerer. I mange rekneskapssystem er teknologien så god at systemet sjølv legg inn fakturadato, beløp og momsbehandling, men rekneskapsførarar må i mange tilfelle manuelt taste inn kva konto fakturaen skal tilhøyre. Rekneskapsførarar må altså fysisk inn og kontrollere rekneskapssystemet si behandling av mellom anna fakturaer som ein del av sine arbeidsoppgåver (Kvalheim, 2019).

Det tradisjonelle rekneskapsarbeidet er effektivisert og reduserer tida rekneskapsførarar bruka på arbeidsoppgåver. Automatisering har i stor grad bidrege til at rekneskapen fører seg sjølv der rekneskapsførarar si nye arbeidsrolle består i større grad av kvalitetssikring

framfor den tradisjonelle «punshinga» (Kvalheim, 2020b). Fleire rekneskapsbyrå har utvikla seg for å tilpasse seg den nye digitale verda ein lever i. For å tilpasse seg tar fleire rekneskapsbyrå, i tillegg til rekneskapstenester, på seg oppdrag som involverer rekneskapsrådgjeving og jobbar tettare saman med sine kundar enn før (Kultorp, 2020). Ifølgje Regnskap Norge (2020) blir løpande kommunikasjon med kunde desto viktigare i framtida. Rekneskapsførarar vil oppleve å bruke mindre tid på å få debet og kreditt riktig og heller nytte tid på å bruke talmateriale til noko som kunden kan dra nytte av (Regnskap Norge, 2020). Automatisering av mange rekneskapsmessige prosessar dei siste åra fører til at rekneskapsførarar i mindre grad brukar tid på tradisjonell bokføring og andre rekneskapsrelaterte tenester enn tidlegare (Løvaas et al., 2018, s. 168). Arbeidsoppgåvene til rekneskapsførarar ber i dag preg av å kvalitetssikre at automatiserte prosessar handsamast på riktig måte, og dei må i større grad forstå kva rekneskapen viser. Samstundes ser ein at rekneskapsbransjen har utvikla seg frå å handle om bokføring og lønn – til rådgiving og rettleiing. I tillegg opplever bransjen auka etterspørsel etter rådgjeving i tilknytning til forretningsutvikling og leiing, og ikkje minst berekraftsrapportering og -analyse (Forberg, 2022). Det sjåast altså på bakgrunn av dette at automatisering har ført til ei endring i arbeidsoppgåvene til rekneskapsførarar og bransjen vil oppleve eit kompetanseskift i åra som kjem.

Løvaas et al. (2018, s. 168) argumenterer for at den teknologiske utviklinga har ført til at næring i større grad enn tidlegare kan utføre billagsføring, fakturering og andre oppgåver sjølv, som tidlegare var rekneskapsførars arbeidsoppgåver. Forberg (2022) skriv at fleire små og mellomstore verksemder nyttar ekstern rekneskapsførar fordi dei opplev meir kompleks kvardag med kompliserte regelverk rundt skatt, moms, personalleiing og berekraft (Forberg, 2022). Sjølv om automatisering og teknologisk utvikling har ført til at verksemder sjølv utfører fleire av sine rekneskapsoppgåver, viser det seg at komplekse regelverk fører til at ein nyttar ekstern rekneskapsførar. Det er framleis eit stort behov for rekneskapsførarar, men ein ser ei endring i arbeidsoppgåver som dei utfører. Dette reiser spørsmål om rekneskapsførarar treng breiare kompetanse i framtida.

## 2.5 Kompetanse hjå rekneskapsførarar

### 2.5.1 Dagens kompetansebehov hjå rekneskapsførarar

Kompetanse er ifølge SNL (2018) evna eller kvalifikasjonar ein person har til å mellom anna uttale seg, inneha ei stilling eller ta avgjersler (Kompetanse, 2018). Vidare definerer kunnskapsdepartementet (2015-2016, s. 3) kompetanse som evna ein person har til å løyse oppgåver og meistre utfordringar i konkrete situasjonar. Kompetanseomgrepet kan sjåast på som summen av kunnskap, ferdigheiter og haldningar, og korleis desse samspekar (Meld. St. 16, 2015-2016, s. 3).

Digitalisering har ført til ei rekke endringar i rekneskapsførar sine arbeidsoppgåver som vist til før i teorien. Endra arbeidsoppgåver fører også med seg endra kompetansebehov som må dekkjast for å oppnå god standard. Som det vil komme tydelegare fram i neste delkapittel er det spesielt IT-kompetanse som framhevast som eit viktig element i framtida, men dette er også noko som er svært dagsaktuelt. Ifølgje Løvold (2022) treng rekneskapsverksemdar IT-kompetanse i rolla som kunden sin næraste rådgjevar. Den nære kontakta mellom rekneskapsverksemdar og kundar som vi ser i dag fører til at rekneskapsførarar ofte får spørsmål utover rekneskapsfaget. Dette gjeld til dømes innanfor områder som IT, sikkerheit og GDPR (personvernforordning). Samstundes er det eit viktig poeng at rekneskapsførarar ikkje skal vere IT-eksperter, men ha ein viss kunnskap på ulike teknologiområder.

I rekneskapsbransjen snakkar ein om overgang frå tradisjonell transaksjonsbasert verksemd, altså det å bokføre, til relasjonsretta arbeid der ein er tettare på kunden og leverer utvida tenester. Ein slik overgang inneber at kunden forventar ein ny type interaksjon og leveranse hjå rekneskapsførarar. Digitalisering og automatisering, når det gjeld handsaming av transaksjonar i eit IT-system, medfører at tid brukt på dette reduserast, og at rekneskapsførarar i større grad må jobbe med tenester knytt til effektiv drift, lønnsemd og risikoreduksjon for kunden. Nye tenester fører til at rekneskapsførarar får ein meir aktiv rolle ut mot kundar og treng kompetanse på å kommunisere gode løysingar til kunden. Relasjonskompetanse er altså eit nytt område som må styrkast i nærare framtid for at rekneskapsverksemdar skal vere konkurransedyktig (Regnskap Norge, u.å.-c).

## 2.5.2 Framtidas kompetansebehov

Samfunnet er prega av høg endringstakt som påverkar dei fleste bransjar og selskap. Ny og utstrekt bruk av teknologi er med på å drive denne utviklinga framover i enda større grad og i eit høgare tempo enn før. Rekneskap og økonomi er fagområde der automatisering og robotisering allereie er implementert (View Ledger, u.å.-b). Den teknologiske utviklinga fører med seg nye kompetansebehov og auka krav til kvalifikasjonar i framtida som rekneskapsførarar må dekkje, slik at bransjen er i stand til å møte den digitale utviklinga i næringslivet (NOU 2018: 9, s. 10).

Løvold (2022) gir uttrykk for eit større kompetansebehov innan IT i rekneskapsbransjen. Dette betyr ikkje at rekneskapsførarar må ta ein heilt ny utdanning innan IT eller vere IT-eksperter, men det er naudsynt å ha ein overordna kompetanse på dette området for å imøtekomme framtidens arbeidsoppgåver (Løvold, 2022). IT-kompetanse er viktig for at rekneskapsførarar skal vere i stand til å bruke ulike rekneskapsprogramvarer og andre digitale verktøy i jobben. Fleire rekneskapsverksemder tilbyr i dag også IT-kompetanse som ein del av sine tenester til kundar. Eit godt døme på dette er ECIT som tilbyr både økonomitenester og IT-tenester (ECIT, u.å.). Fordi IT er venta å bli eit vesentleg kompetansekrav i framtida kan det tenkjast at også andre rekneskapsverksemder må følgje etter for å halde tritt med utviklinga i bransjen og vere konkurransedyktig.

Det er forventa at alle verksemder og organisasjonar må rapportere på ulike berekraftsparameter innan kort tid (Madic, 2021). EUs nye rammeverk for berekraftig finansiering gjere at rekneskapsbransjen må implementere ny kompetanse, prosessar og verktøy som kan sikre at verksemdene innfrir EU sine berekraftskrav. Det inneber at rekneskapsførarar treng domenekompetanse i tillegg til økonomikompetanse (Kvalheim, 2020a). Berekraft vert ein større del av den tradisjonelle økonomifunksjonen i framtida og det vil krevje heilt nye krav til kompetanse blant økonomar. Kompetanse på berekraftsrapportering kan mellom anna hevast ved at rekneskapsverksemder tilbyr ulike kurs (Kirkedam, 2023).

Før var det uvanleg at rekneskapsførarar kommuniserte direkte med sine kundar. Dette er i endring og dagens rekneskapsførarar har tett og nær dialog med kundane og bedriftsleiarar som gjere til at ein treng breiare sosial kompetanse (Amesto, 2014). Det følgjer av Løvaas et.al (2018, s. 169-170) at rekneskapsførarar i framtida vil fungere som ein slags «sparringspartner» for sine kundar, som inneber ei større rådgjevingsrolle. Det fører til at kommunikasjon tar ein større plass enn tradisjonell rekneskapsføring i framtidas rekneskapsbransje. God kompetanse om kommunikasjon gjeld ikkje berre for kundar, men også for andre interessentar der det er naudsynt å forklare komplekse data på ein forståeleg måte (Løvaas et al., 2018, s. 169–170).

Rekneskapsførarar i dag treng altså kompetanse innan ein rekke fagfelt som IT, rådgjeving og berekraftsrapportering, for at dei skal vere i stand til å utføre jobben sin på ein god måte. Dette er viktige områder å utvikle for å imøtekomme framtidas kompetansebehov. Rekneskapsførarar må halde seg oppdatert på stadig endra krav og standardar, og det er difor viktig med betre kompetanse i framtida. Regnskap Norge (u.å.-a) tilbyr ulike sertifiseringar innan mellom anna rådgjeving, lønn & HR, mva og IT som fokuserer på å auke ferdigheiter og kompetanse hjå rekneskapsførarar for å møte framtida (Regnskap Norge, u.å.-a).

## 3.0 Metode

I dette kapitlet skal vi gjere greie for val av metode for denne studien. Det for at lesar skal få betre innsikt og forståing for dei vala som er tatt for å svare på problemstillinga. Det vil også komme argumentasjonar for og imot dei val som er tatt i studien og forklaring på kvifor vi ser på valt metode som best eigna for vår oppgåve.

Alle undersøkingar går gjennom eit sett med fasar der forskarane må foreta val som vil påverke studien sin gyldigheit og pålitelegheit (Jacobsen, 2022, s. 65). Eit viktig føremål med forskning er å syne gyldig og truverdig kunnskap om verkelegheita. Då krevst det at forskaren har ein strategi for korleis ein skal gå fram i forskinga og det er dette teorien kallar for metode. Ein metode dreiar seg i stor grad om tilnærming ein brukar for å samle inn relevant empiri om verkelegheita på best mogleg måte, at empirien er truverdig og svarar på problemstillinga (Jacobsen, 2022, s. 15–16).

Dei første fasane i ein studie er dei same uavhengig av kva metode for innsamling av data studien vel. Den første fasen består av å utvikle ei problemstilling basert på kva studien ynskjer å utforske. Det andre steget er å velje det undersøkingsopplegget som eigna seg best til valt problemstilling, medan siste steget handlar om å velje kva metode studien bør bruke for å innhente informasjon (Jacobsen, 2022, s. 65-66). Dette er spørsmål som metodekapitlet har til hensikt å svare på i dei to neste delkapittel. Vidare vil oppgåva også gjere vurderingar knytt til datainnsamling, utval, kvalitet på forskinga og til slutt kva etiske vurderingar vi må ta omsyn til i vår oppgåve.

### 3.1 Forskingsdesign

Eit viktig steg etter å ha konkretisert problemstillinga er å finne det forskingsdesignet som best eigna seg til å svare på oppgåva si problemstilling (Jacobsen, 2022, s. 99). Ifølgje Johannessen et al. (2021, s. 159) er forskingsdesign ein overordna plan for korleis undersøkinga skal svare på problemstillinga. For å kunne gjere dette må ein finne ut kva og kven som skal undersøkast, og korleis ein skal gjennomføre undersøkinga.



### 3.1.1 Intensivt- og ekstensivt design

Eit av forskingsdesigna som teorien går utifrå er det Jacobsen (2022, s. 99-100) skildrar som intensivt design. Eit slikt design har til hensikt å gå i djupna på eit fenomen eller ei hending. Målet med intensivt design er at ein skal oppnå ei forståing, både av korleis verkelegheita er og blir oppfatta, og korleis ting heng saman. Ein tar utgangspunkt i kva dei som blir studert har av forståing av fenomenet ein undersøker, i den konteksten dei inngår i.

Ifølgje Jacobsen (2022, s. 100) handlar derimot ekstensivt design om å gå i breidda på eit fenomen, som inneber å studere fleire einingar. Føremålet med eit ekstensivt design er å syne kor vanleg eller uvanleg eit fenomen er. Målet er å generalisere frå eit utval til ein populasjon og det krev ei meir generell tilnærming til det som skal studerast.

### 3.1.2 Problemstilling

Kva problemstilling oppgåva tar utgangspunkt i vil påverke kva forskingsdesign ein skal velje (Jacobsen, 2022, s. 99). Vår oppgåve ynskjer å rette fokus på om digitalisering har ført til endra arbeidsoppgåver og kompetansebehov hjå rekneskapsførarar. Vi har avgrensa tid på å gjennomføre prosjektet og for å overhalde dette tidsrommet var det nødvendig å sette ei rammegrense på oppgåva ved å konkretisere ei problemstilling, som vist i kapittel 1. Sjølv om vi har prøvd å formulere ei klar og tydeleg problemstilling, er den relativt open og brei. Det er i kapittel 1 også formulert tre forskingsspørsmål som har til hensikt å avgrense oppgåva ytterlegare, samt at det bidreg til å gje svar på problemstillinga. For å svare på dette er det nødvendig å velje det forskingsdesignet som eigna seg til den problemstilling oppgåva vår har.

### 3.1.3 Val av forskingsdesign

Problemstillinga vår peikar mot eit intensivt design fordi oppgåva er ute etter å sjå om det er samanheng mellom digitalisering, endra arbeidsoppgåver og nye kompetansebehov for rekneskapsførarar. For å finne svar på dette er det nødvendig å gå i djupna og ikkje breidda. Vi treng forklarande svar på spørsmål vi stiller, og vi ynskjer ei «verkelegheitsnær» studie der intervjuobjekta kan klargjere si forståing av fenomenet vi undersøker. Difor er det behov for

få einingar som vert nøkkelinformantar til oppgåva. På bakgrunn av oppgåva si problemstilling og hensikt vel vi å nytte eit intensivt design.

## 3.2 Forskingsmetode

Neste steg i prosessen er å finne ut kva forskingsmetode som eignar seg til studien. Ifølgje Johannessen et al. (2020, s. 52) handlar gjennomføring av samfunnsvitskapelege undersøkingar om å samle inn, analysere og tolke data. Teorien tar utgangspunkt i to framgangsmåtar for å samle inn og analysere data; kvalitativ metode og kvantitativ metode.

### 3.2.1 Kvalitativ metode

Kvalitativ metode handlar om å samle inn og registrere data i form av tekst, lyd og bilde (Johannessen et al, 2021, s. 52). Ifølgje Jacobsen (2022, s. 144-145) bør kvalitativ metode nyttast i dei tilfelle der studien er opptatt av å avdekkje, utvikle eller avklare nærare kva som ligg i eit omgrep eller eit fenomen. I ein kvalitativ metode ynskjer ein å avklare eit tema grundigare, ved å syne korleis menneskje tolkar og forstår ein gitt situasjon. Kvalitativ metode er godt egna der ein veit lite om temaet ein skal undersøke.

### 3.2.2 Kvantitativ metode

Kvantitativ metode handlar om å samle inn og registrere data i form av tal (Johannessen et al., 2020, s. 52). Det følgjer av Jacobsen (2022, s. 146-148) at kvantitative metodar eignar seg best når undersøkaren på førehand har god kjennskap til temaet, og problemstillinga er relativt klar. Det er ein føresetnad at problemstillinga er klar fordi det er viktig å kategorisere før ein samlar inn data. Det er ein god metode å nytte i dei tilfelle der studien er ute etter å skildre hyppigheit eller omfang av eit fenomen. I kvantitativ metode skal ein nytte seg av mange einingar og breidde for å få svar på problemstillinga, og ein ynskjer å generalisere svaret frå eit utval til ein populasjon.

### 3.2.3 Val av forskingsmetode

Føremålet med oppgåva er å avdekkje og undersøke om det er samanheng mellom fenomen auka digitalisering, endra arbeidsoppgåver og nye kompetansebehov i rekneskapsbransjen. For å svare på problemstillinga er det hensiktsmessig å velje eit intensivt design, noko som gjere det naturleg å nytte kvalitativ metode for å innhente data. Grunnen til dette er at vi er ute etter å gå i djupna og utforske grundigare innanfor gitt tema. Det betyr at vi tar utgangspunkt i eit fåtal nøkkelpersonar som vi skal intervjuje, der vi ynskjer å undersøke korleis dei tolkar samanhengen mellom fenomen oppgåva er ute etter å belyse.

## 3.3 Datainnsamling

Kva datainnsamlingsmetode som nyttast vil påverke validiteten, altså gyldigheita til dei data som samlast inn og pålitelegheita, reliabiliteten av innsamla data (Jacobsen, 2022, s. 157). Dette er kritiske refleksjonar som studien må ta omsyn til ved val av kvalitativ innsamlingsmetode. Teorien omtala to formar for datainnsamling som kan nyttast i forskning; primærdata og sekundærdata.

### 3.3.1 Sekundærdata

I dagens samfunn ligg det enorme mengder med data som til dømes offentleg dokumenter, nettsider, årsrapportar mv. som kan nyttast for å belyse ulike problemstillingar. Sekundærdata er altså data som allereie eksisterer og som er tilgjengeleg for alle å nytte seg av. Slike data eignar seg godt saman med primærdata, innhenta av forskarar, til å belyse problemstillingar om eit fenomen (Jacobsen, 2022, s. 159). Sekundærdata i denne oppgåva består for det meste av offentlege dokumenter, ressursbøker og nettsider som skal fungere som eit supplement til primærdata for å svare på problemstillinga. Styrken ved å anvende både primærdata og sekundærdata er å kunne samanlikne teori med resultat frå intervjuet som kan styrke konklusjonen til oppgåva.

### 3.3.2 Primærdata - opne individuelle intervjuet

I denne studien blir primærdata innhenta ved hjelp av intervju. Det opne individuelle intervjuet er ein datainnsamlingsmetode som kjenneteiknast ved at undersøker og respondent pratar saman i ein vanleg dialog. Det inneber at data som vert samla inn kjem i form av ord, setningar og forteljingar. Å gjennomføre opne individuelle intervju er ei svært tidkrevjande oppgåve og det avgrensar difor utvalet respondentar vi kan inkludere i studien. Likevel eignar opne individuelle intervju seg i situasjonar der forskar ynskjer å klargjere eit individs tolking av eit fenomen og kva for meining som blir lagt i det (Jacobsen, 2022, s.163). Utifrå vår problemstilling er det vår oppfatning at opne individuelle intervju eignar seg godt til å belyse problemstillinga.

Vanlegvis går slike intervju føre seg ansikt til ansikt der partane kommuniserer seg i mellom og ein av undersøkarane noterer det som vert sagt. I vår studie ynskte vi så langt det let seg gjere å nytte ein slik intervjumetode, for å etablere tillit og openheit til intervjuobjekta (Jacobsen, 2022, s. 162). Det er ein god måte å skape flyt i samtalen på der det blir lagt få føringar eller avgrensingar på kva respondent kan fortelje om, og det oppstår mindre distraksjonar som kan forstyrre resultatet (Jacobsen, 2022, s. 165).

Eit kvalitativt intervju kan ifølgje Jacobsen (2022, s. 166) ha ulik grad av openheit og dermed ulik grad av strukturering. Vår studie nyttar seg av pre-strukturert intervju til ein viss grad som inneber at forskarane har utarbeida ein intervjuguide (sjå vedlegg 2). Intervjuguiden inneheld spørsmål som studien ynskjer svar på. Hensikta med intervjuguiden er å sikre at vi i løpet av intervjuet får svar på dei spørsmål som er relevant for å svare på problemstillinga, samtidig som at det skal leggjast til rette for at respondent skal få utrykke seg, i stor grad, fritt.

## 3.4 Utval

Ei sentral utfordring i mange undersøkingar er at ein sjeldan kan undersøke alle ein ynskjer. Dette gjere seg særleg gjeldande i kvalitative innsamlingsmetodar, som i utgangspunktet er ein ressurskrevjande måte å inntente data på. I mange tilfelle vil det alltid knytte seg

svakheiter til å foreta eit utval i ei undersøking. Svakheit med utval oppstår fordi det alltid kan stillast spørsmål om studien inkludera relevante einingar (Jacobsen, 2022, s.191-192).

### 3.4.1 Populasjon

Første steg i utvalsmetodikken handlar om å bestemme tal einingar ein ynskjer å undersøke, og vil inkludere alle dei personane ein er teoretisk interessert i. Dette er det teorien kallar for populasjon (Jacobsen, 2022, s.193). Gitt problemstillinga i denne studien vil populasjonen bestå av rekneskapsførarar og rekneskapsbransjen som heilheit.

### 3.4.2 Utval

Grunna studien sitt ynskje om å belyse nyansar og detaljer i eit fenomen legg det store avgrensingar på tal einingar i utvalet. Oppgåva si omfang fører også til at studien må avgrensast til ein mindre del av populasjonen. Det følgjer av Jacobsen (2022, s. 204) at utvalet einingar som er med i undersøkinga i stor grad vil vere med å bestemme kva informasjon vi får. Utvalet er formålsorientert og vi vel dei einingane og utvalet som kan gi oss den mest interessante informasjonen for å svare på problemstillinga. For å kunne svare på oppgåva si problemstilling og forskingsspørsmål må utvalet bestå av rekneskapsførarar innanfor det avgrensa området oppgåva har satt.

Det er ikkje eit spesifikt krav over kor mange intervju som bør gjennomførast. Kvalitative studiar er som nemnt interessert i den informasjon respondentane kan gi om eit spesifikt fenomen. Difor er det kva informasjon studien ynskjer å oppnå som er med på å bestemme størrelsen på utvalet (Jacobsen, 2022, s. 203). Denne studien består av tre rekneskapsverksemder og fire rekneskapsførarar i Sogn og Fjordane. Det er oppgåva sitt omfang og tidsbruk som setter ei grense for kor mange intervjuar denne studien kan gjennomføre. Vi opplevde det også som vanskeleg å få rekneskapsførarar til å stille til intervju grunna den hektiske perioden dei står ovanfor. Det var diverre fleire rekneskapsverksemder som måtte takke nei og studien opplevde dermed ein del fråfall. Vi meiner likevel at utvalet er tilstrekkeleg for å skildre kva rekneskapsførar meiner om fenomenet vi undersøker.

## 3.5 Kvalitet på forskning

Undersøkingar vil alltid i den grad det er mogleg minimere problem som knyter seg til gyldigheit (validitet) og pålitelegheit (reliabilitet). Kvalitative studiar må alltid gjennomgå ei kritisk drøfting for å vurdere gyldigheita på konklusjonen og om funna er til å stole på. Å drøfte gyldigheit og pålitelegheit i kvalitative undersøkingar inneber å kaste eit kritisk blikk på kvaliteten på dei data som er samla inn i studien. Slik kritisk tenking kan bety at vi ser på om vi har oppnådd den informasjonen vi ynskte i utgangspunktet (intern gyldigheit), om funna kan overførast til andre samanhengar (ekstern gyldigheit), og om vi kan stole på data som er samla inn (pålitelegheit) (Jacobsen, 2022, s.239).

### 3.5.1 Intern gyldigheit

Intern gyldigheit går ifølgje Jacobsen (2022, s. 240) ut på om resultatata kan oppfattast som riktige. Vi ynsker å utforske i kva grad skildringa er sann og om samanhengar er reelle. Dette kallast for validering. Det vil alltid vere ei utfordring for forskarar å kontrollere om respondentar fortel sanninga eller ikkje. Likevel kan vi tileigne informasjon ein viss gyldigheit når kjeldene er uavhengige av kvarandre og har ulike motiv. Det inneber at informasjon vi får frå fleire uavhengige kjelder kan gi ein gyldig skildring av eit fenomen. Gyldigheit kan også vere like god i dei tilfelle der det ikkje er samsvar mellom skildringane av eit fenomen (Jacobsen, 2022, s. 242-243). Det viktige i kvalitative studiar når det gjeld intern gyldigheit, er altså om vi har fått tak i riktige kjelder og om desse kjeldene gir oss riktig informasjon. Vi har gjennom studien innhenta data frå rekneskapsførarar som sikrar intern gyldigheit og vi meiner respondentane har oppgjeve riktig informasjon, og kan dermed tileigne gyldigheit til resultatata.

### 3.5.2 Ekstern gyldigheit

Å gjennomføre kvalitative metodar inneber at vi har eit relativt lite utval som kan medføre problem med representativiteten. Det kan stillast spørsmål ved, om dei få respondentane som er med i undersøkinga også er representative for populasjonen. Det er på bakgrunn av slike spørsmål som gjere til at kvalitative metodar opplever problem med den eksterne gyldigheita (Jacobsen, 2022, s. 256).

Ekstern gyldighet er i kva grad funna frå studien kan generaliserast til andre enn dei respondentar ein har undersøkt. Styrken til kvalitative metodar er ein type teoretisk generalisering, som inneber å avdekke til dømes eit spesielt fenomen. Det oppstår likevel utfordringar når ein ynskjer å generalisere funn til andre enn dei som er studert. Dette fordi kvalitative metodar som regel berre undersøker nokre få einingar og einingane er valt på grunnlag av eit spesielt formål, som til dømes fordi dei bidreg med god informasjon (Jacobsen, 2022, s. 255). Vi kan altså ikkje med sikkerheit påstå at eit utval i denne studien er representativt for ein større populasjon. Sjølv om studien i hovudsak ikkje er opptatt av å generalisere kan det likevel tenkast at dersom det kjem fram like oppfatningar frå respondentane, kan det føreligge eit lite grunnlag for generalisering innanfor det geografiske området. Det kan derimot ikkje forventast at resultatet representerer alle rekneskapsverksemder i landet.

### 3.5.3 Pålitelegheit

Pålitelegheit, eller reliabilitet inneber om det er spesielle trekk ved undersøkinga som kan ha påverka eller skapt dei resultata som er komen fram i studien. I dette ligg det ein anerkjenning av at undersøkingssopplegget, datainnsamling og analysen kan ha påverka resultatet på ein eller anna måte (Jacobsen, 2022, s. 250).

Undersøkingssopplegget kan ha innverknad på dei som vert undersøkt, og sjølve undersøkaren kan ha ein effekt på det fenomenet ein undersøker. Dette kallast undersøkereffekt eller intervju effekt. I eit intervju eller ei samtale vil samtalen formast, i både stil og i innhald, av partane som deltar. I ein slik situasjon kan respondenten bli påverka av intervjuaren, til dømes i måten ein er kledd på, korleis ein pratar, bruker kroppsspråk mv. (Jacobsen, 2022, s. 251). Måten intervjuar syner seg på er ein viktig faktor for å skape pålitelegheit for resultat som er funne. Det vi i studien har gjort for å minske denne type utfordring var mellom anna at vi bytta intervjuar ved ulike intervju for sjå om resultata vart påverka. Oppfatninga vår er at resultata ikkje er påverka av intervju effekt.

Ein anna faktor som kan påverke pålitelegheita til den kvalitative studien er ein type konteksteffekt som betyr at samanhengen informasjonen blir innhenta i, kan påverke resultatet. Å ta føre seg ein undersøking på arbeidsstaden til intervjuobjekta er å føretrekke for å skape ein naturleg omgjevnad. Unaturleg omgjevnad kan skape problem fordi intervjuobjekta endrar åtferd og dermed oppstår det forstyrringar som påverka resultatet (Jacobsen, 2022, s.252-253). I denne studien var det viktig for oss å skape denne naturlege omgjevnaden og valet vart å intervju respondentane på sine respektive arbeidsplassar. Dette var i håp om å styrke pålitelegheita til resultatata som er innhenta i studien.

## 3.6 Forskingsetikk

Når ei undersøking finn stad betyr det som regel at forskarar må bryte inn i eit enkeltindivids privatliv. Dette kan føre til at vi stiller oss sjølv i eit etisk dilemma fordi intervjuobjektet kan oppleve brot på sin personlege integritet. Forsking stiller dermed ein del krav til etiske kriteria som i nokre tilfelle er nødvendige for å kunne gjennomføre empiriske undersøkingar (Jacobsen, 2022, s. 47).

### 3.6.1 Personvern

Når det skal forskast på menneskjer skal det alltid gjerast ut frå grunnprinsippet om respekt for menneskeverdet. Forskarar plikter å utføre forskning på ein slik måte at integriteten til intervjuobjekta respekterast. Personvern innan forskning er eit svært viktig omgrep å belyse. Det stillast ein del krav til personvern gjennom EUs personvernforordning, GDPR, som forskarar skal ta omsyn til ved sin forskning. For å ivareta ein person sin integritet må forskarar alltid forsikre seg om at personopplysningar som samlast inn i forbindelse med forskinga, ikkje verte spreidd til uvedkommande.

#### 3.6.1.1 Anonymitet

Anonymitet inneber at det skal vere heilt umogleg å identifisere nokon utifrå data som er samla inn og det skal ikkje vere mogleg å lage koplingar i etterkant mellom data og enkeltmenneske. Anonymitet er vanskeleg å garantere, men forskarar kan garantere, så



langt det lar seg gjere at data behandlast på ein slik måte at personopplysningar ikkje kjem på avvege (Jacobsen, 2022, s. 50).

I denne studien har vi som forskarar vore opptatt av å sikre personvern og anonymitet til intervjuobjekta. Dette er mellom anna gjort ved at det ikkje vert oppgitt namn på dei verksemdar eller intervjuobjekta som er inkludert i studien. Det er heller ikkje oppgitt andre trekk ved intervjuobjekta som kan gjere det mogleg å identifisere dei. Ved denne kvalitative undersøkinga er det også lagt vekt på å bruke notat framfor opptak, for å sikre nettopp anonymitet.

#### 3.6.1.2 Presentasjon av data

Så langt det lar seg gjere skal forskarar forsøke å attgjeve resultat fullstendig og i riktig samanheng. For å oppnå dette må forskarar presentere data fullstendig der det er viktig å forstå eit resultat, og unngå å bruke eit resultat som er tatt ut av samanheng, til å argumentere for noko som ikkje er meint av respondenten (Jacobsen, 2022, s. 53). I denne studien er det valt å bruke notat framfor opptak som kan føre til at nokre moment vert gløymt eller utelet som følgje av dette. Vi har likevel prøvd å syne resultata så fullstendig som mogleg slik det er tenkt frå respondentane.

#### 3.6.2 Frivilligheit

Eit grunnleggjande prinsipp i all forskning på menneske er at deltaking skal vere frivillig. Med frivillig deltaking skal den som vert undersøkt informerast om kva fare og gevinstar ein slik undersøking kan medføre. Det er dette som utgjer informert samtykke (Jacobsen, 2022, s. 54).

For at intervjuobjekta skal ha moglegheita til å velje fritt om dei ynskjer å ta del i undersøkinga vil det tilseie at dei må ha full informasjon om hensikta til studien, kva ulemper det kan medføre for dei, korleis data skal nyttast mv. Dette er i praksis svært vanskeleg og kan ha negativ effekt på pålitelegheita til studien. Dette fordi full informasjon kan auke sannsynet for at respondenten tilpassa sine svar deretter. Vi må likevel oppgje tilstrekkeleg

informasjon om hovudhensikta til studien og korleis resultat skal nyttast (Jacobsen, 2022, s. 55). I denne studien er intervjuobjekta informert på forhånd om hensikta til studien og ved intervju vart det opplyst om at dette er frivillig deltaking og at det er lov å avbryte intervjuet undervegs dersom dei ynskjer det.

## 4.0 Empiri

Som eit grunnlag for vår kvalitative studie er det gjennomført fleire intervju med ulike rekneskapsverksemdar og rekneskapsførarar. Intervjua er gjennomført med mål om å danne eit empirisk grunnlag for å belyse vår problemstilling. I dette kapitlet vil vi presentere funn frå dei undersøkingar som er gjort.

I forbinding med dei intervju som er gjort var det viktig for oss å avklare og ivareta anonymitet med respondentane. Det er av den grunn ikkje oppgitt namn på verken rekneskapsverksemdene eller rekneskapsførarane som deltok i undersøkinga. I staden vel vi å kategorisere desse som respondent 1, 2, 3 og 4.

I vår studie har vi, som nemnt i kapittel 3, valt å anvende ein kvalitativ forskingsmetode der vi ynskte å belyse og løfte fram informantane sine subjektive synspunkt på rekneskapsførars arbeidsoppgåver og kompetanse. For å sikre at det er respondentane sine synspunkt som vert belyst er det, i den grad det er mogleg, gjengjeve direkte svar som har kome fram i intervjua. Dette for å gi lesaren eit betre bilete av respondentane sine svar.

Empirien har til hensikt å syne funn frå intervju med rekneskapsførarar innan rekneskapsbransjen. På førehand forma vi ulike spørsmål som skulle leggje grunnlag for svar på forskingsspørsmål og problemstilling. Intervjuet starta med å spørje respondentane om generell bakgrunnsinformasjon for å bli betre kjent med intervjuobjekta. Dette ligg som vedlegg 1 til oppgåva. Neste del av intervjuet omhandla spørsmål relatert til oppgåva si problemstilling og forskingsspørsmål.

### 4.1 Digitalisering og rekneskapsførar sine arbeidsoppgåver

Intervjuet fortsette med ulike spørsmål som knyter seg til respondentane sine tankar om rekneskapsførar sine arbeidsoppgåver før og no, og kva innverknad digitalisering har hatt på rekneskapsoppgåver i arbeidskvardagen. For å få ei betre forståing av arbeidsoppgåvene dei utfører såg vi det nyttig å vite kva type tenester kundar faktisk krev.

#### 4.1.1 Kundar

Alle respondentane er einige i at kundane krev meir no enn dei gjorde tidlegare. Respondent 1 fortel at *«kundar krev meir på alle punkt»*.

Ifølgje respondent 2 er deira kontor lagt opp slik at kunden skal krevje meir av rekneskapsførarar. For dei er det viktig å *«få kundar meir interessert i rekneskapen sin»*. Vert kundane interessert så spør dei meir om rekneskapen til verksemda si.

Vidare seier respondent 3 at *«ja det er forskjell, fleire kundar trur det er berre å trykke på ein knapp og det ordnar seg, medan andre ikkje bryr seg så lenge dei får rekneskapen opp i henda»*. Hen fortel også at *«det er fleire kundar som gløymer viktige funksjonar og forventar då at rekneskapsførarar skal ordne opp i det»*.

Respondent 4 seier at kundane krev meir, og at det knyter seg i stor grad til systema ein har i dag. Hen relaterer det til at no er det enklare system som både rekneskapsførar og kunde kan sette seg inn i, kontra tunge og kompliserte system som vart brukt før i tida. I fleire av rekneskapsprogramma ein brukar har kunden same bilete som rekneskapsførar, som gjer det enklare for kunden å følgje meir med. Informanten fortel vidare at *«no brukar vi løpande handsaming av rekneskap, der det er mange skybaserte system, så kundane kan sjå og følgje meir med. Nokre kundar bryr seg ikkje, medan andre følgjer med dagleg. Eg opplev også mellom anna at kunden kan stille rekneskapsførar spørsmål om faktura som ligg i systemet og ikkje er handtert enda»*.

Vidare ynskte vi å avklare kva kundar ber rekneskapsverksemdar gjere for dei. Respondent 1 fortel om to typar kundegrupper ein ser i dag. *«Det er dei som ber om «heile pakka» som til dømes bokføring, lønn og skatt, og dei som ynskjer å gjere ein del sjølv til dømes fakturering, betalingar osv. medan rekneskapsførar sjekkar skatt og andre offentlege reglar»*. Hen fortel at *«dei kjedelege oppgåvene gjere kundar sjølv, som standardiserte oppgåver, medan rekneskapsførar utfører dei spennande oppgåvene, dei som omhandla lovar og reglar»*.

Respondent 2 seier at hjå dei er det forskjellig kva kundane ynskjer at rekneskapsførarar skal gjere for dei. «I dag har kunden tilgang til alt, så det er enklare for kundar å gjere meir. Nokre kundar gjere ingen ting sjølv, og ynskjer at rekneskapsførarar skal gjere alt. Einaste kunden gjere då er å attestere billag, som kunden er nøydd til å gjere sjølv». Andre ynskjer til dømes å ta lønn sjølv og la rekneskapsførarar ta resterande.

På same spørsmål svarte respondent 3 at «nokre kundar gjere mykje sjølv medan andre vil til dømes berre fakturere sjølv. Nokon vil at rekneskapsførarar skal gjere alt frå a til å». Vidare fortel hen at «det er viktig å kjenne kunden sin, og fleire kundar ynskjer lokale rekneskapsførarar som kjenner dei godt».

Respondent 4 fortel at det er mange forskjellige tenester kundane ber om. Basis er lønn, rekneskap, moms og skattemelding. I denne verksemda er det eit kundeteam som tar seg av spørsmåla kunden har og er kontaktperson deira.

#### 4.1.2 Arbeidsoppgåver

Neste spørsmål omhandla kva oppgåver dei som rekneskapsførarar utfører i jobben sin. I respondent 1 si verksemd er det slik at «rekneskapsførarane på kontoret her tek kundane frå a til å, men spesialiserer seg på forskjellige områder. Nokon er gode på lønn, nokre på system, og andre på årsoppgjer». Informanten sjølv seier hen for det meste driv med årsoppgjer og rådgjeving.

Når vi stiller same spørsmål til Respondent 2 seier hen at «vi har alt digitalt, så vi startar dagen med noko vi kallar handlingssenter. Her ligg billag til attestering og dei legg vi opp til kunden. Dette er ferskvare, då det er viktig å få sendt dei til kunde fortløpande. Deretter går vi gjennom EHF-faktura slik at alle kostnadane vert ajourholdt, og så sjekkar vi all e-post og all lønn. Vidare er det avstemmingsarbeid med tanke på moms og termin, som er ein stor del av vår arbeidskvardag».

Respondent 3 fortel at det er mest rutineprega oppgåver hen jobbar med. «Det er mange rutinar å ta omsyn til og mange lover og reglar». Vidare fortel hen at arbeidsoppgåvene kan

bli litt einsformige, då ein no spesialiserer seg meir. For respondenten består arbeidsoppgåvene i stor grad av bokføring av billag og mykje avstemmingsarbeid.

Respondent 4 seier at *«med oss blir arbeidsoppgåvene delt inn i forskjellige bolkar. Det er eit team som jobbar med rekneskap, og vi som jobbar her sitt meir i bakgrunnen og sørgjer for å handtere alt det løpande med rekneskapen til kunden. Det er oppgåver som betaling av faktura, avstemming av rekneskapen, moms og skattemelding»*. Kundeteamet har ansvar for kundekontakt og driv meir med rådgjeving.

Vi ville deretter avklare andelen arbeidsoppgåver som er rutineprega i deira arbeidskvardag og om dette er noko dei trur vil forsvinne som følgje av digitalisering. Respondent 1 anslår at det i dag er 60/40 fordelt med rutineprega oppgåver og det som ikkje er rutineprega oppgåver. Hen seier vidare at for berre 5 år sidan var fordelinga 80/20, og reknar med at om få år vert det berre 40% rutineprega oppgåver. Respondenten er skeptisk til at slike oppgåver vil forsvinne heilt og at det mest truleg vil liggje att noko, men at alt som kan automatiserast vil til slutt bli automatisert.

Respondent 2 meiner at det som er rutineprega oppgåver hjå dei er billag, avstemming og lønnskøyting. Ifølgje hen er det meste rutineprega oppgåver, og estimerer at 80 % av oppgåvene er rutineprega oppgåver. Intervjuobjektet trur ikkje at dei rutineprega oppgåvene forsvinner heilt, men at ein får gjennom mykje fleire billag enn før og at tidsbruken per billag er mykje lågare. Dette fører til at ein er mykje meir ajour, som igjen fører til at tilsette får meir tid til andre oppgåver.

Både respondent 3 og 4 seier at deira arbeidsoppgåver har ein stor andel som er rutineprega oppgåver. Respondent 3 fortel vidare at det er fleire rutineprega oppgåver i dag med mellom anna fleire lovar og reglar ta omsyn til. Hen fortel vidare at *«det er allereie mykje som går av seg sjølv»* og trur at mykje av oppgåvene forsvinner med automatiseringa. Respondent 4 seier *«no er det slik at det skjer stadig endringar i systemet som robotar enda ikkje klarer å følgje. Robotar kjem litt etterkvart. I PowerOffice Go er det framleis lite robotar, det er litt sårbart enda. Det er enkle ting som robotar kan gjere, men ein må ha meir kunstig intelligens*

*før vi skal klare å møte heilt automatisering, men det kjem til å komme enda meir i framtida garantert».*

Så spurde vi om det er noko forskjell på arbeidsoppgåvene dei gjere no enn tidlegare og kva dei trur blir framtidas rekneskapsoppgåver. Dei fleste respondentar er samde om at det er mykje ulikt frå korleis rekneskapsførarar utførte rekneskapsoppgåver tidlegare og kva oppgåver ein utfører no. Det var meir manuelle arbeidsoppgåver før i tida og med digitaliseringa har desse blitt meir automatisert.

Ifølgje respondent 1 er det forskjell på arbeidsoppgåvene dei utfører no i forhold til tidlegare. Hen fortel at *«no er det meir digitalisert, meir system, data og ein driv meir med problemløysing til kundar. Det blir mindre og mindre rutineprega oppgåver. «Punshearbeid» er det nesten heilt slutt på og faktura bli no importert på berre få minutt».* Som framtidas rekneskapsoppgåver trur respondenten at *«rekneskapsførarar blir små økonomisjefar der dei må vere gode på rekneskap, gode på system og må kunne økonomi, samt drive meir med kontrollarbeid».*

Det kjem fram av respondent 2 at *«no er det andre ting ein må passe på. Til dømes kjem både EHF- og svindelfaktura rett inn i rekneskapssystemet og gjere det vanskeleg å sjå forskjell på ekte og falske fakturaer. Før kom faktura som brev til kunden, og det var lettare å sjå gjennom faktura og oppdage svindel».* Vidare fortel intervjuobjektet at automatisk forhandsutfylte faktura frigjer meir tid som dei kan bruke på å mellom anna å analysere rekneskapen. Dei type oppgåver rekneskapsførarar driv med no er å *«kontrollere meir og det er meir dokumentasjonskrav enn tidlegare som skal følgjast. Det er meir krav til mellom anna rekneskapskontro, personvern og kvitvasking».* Kontrollering er også noko som blir ein viktig oppgåve i framtida framfor det tradisjonelle «punshearbeidet».

Respondent 3 er einig i at det er forskjell i arbeidsoppgåvene og fortel mellom anna at *«før var det mykje meir manuelle arbeidsoppgåver. Då satt rekneskapsførar og førte inn alle innbetalingane manuelt og på papir. Vi måtte lage fysiske giroar og sende dei til banken, så fekk vi dei tilbake med stempel. No trykkjer ein på fakturaen og den blir godkjend og betalt. Digitalisering sparar mykje arbeid og det er ei god effektivisering av rekneskapsarbeidet».* I

dag består mykje av rekneskapsarbeidet i å kontrollere, men framtida for rekneskapsførarar vil bestå av rådgjeving.

Respondent 4 seier at *«det er eigentleg dei same oppgåvene som blir gjort, berre at ein utfører dei på ein anna måte enn tidlegare og det er meir dokumentasjonskrav no enn før»*. Vidare seier hen at *«rekneskapsoppgåvene er enklare og meir effektivisert. Det fører til at vi kan gjere enda meir for kundane»*. For framtida fortel intervjuobjektet at *«det blir rådgjevingstenester i stor grad. Vi skal hjelpe kunden å forstå tala i rapportane, forebygge ting som ein ser kan skje og utføre kva som helst av det kunden har behov for, som til dømes utvikling og investering»*.

#### 4.1.3 Digitalisering og effektivisering

På spørsmål om korleis digitalisering har påverka arbeidskvardagen og arbeidsoppgåvene til respondentane, svarte respondent 1 at digitalisering har påverka arbeidskvardagen med at det er mindre standardiserte arbeidsoppgåver og meir effektivitet. Ifølgje hen er ein *«meir ajour og det blir mindre etterslep, men det som kanskje blir litt klager på er at det kjem nye krav til kvitvasking, terrorfinansiering og offentlege myndigheiter som krev mykje dokumentasjon»*.

Respondent 2 seier det har vore positivt. Digitalisering har ført til at ein kan ta med jobb-PC heim eller på hytta og framleis ha tilgang til alt du har på kontoret så lenge du er tilkopla internett. Når alt ligg i skya inneber det at ein kan svare på e-post overalt. Digitalisering krev på den andre sida meir ajourhald fordi kundar er oppdatert på rekneskapan til ei kvar tid.

Ifølgje respondent 3 har det vore meir effektivt å gå frå papir til data, men til gjengjeld må det rettast opp i meir. Hen seier vidare at *«dersom kunden gjere mykje sjølv kan det oppstå feil som rekneskapsførar må rette opp i. Så mykje av arbeidet ein no utfører er ryddearbeid»*.

For respondent 4 har det stort sett vore positiv påverknad. Hen har jobba mykje med digitalisering og fortel at arbeidsoppgåvene vert handtert meir effektivt. Hen fortsette med



*«viss eg skal seie noko som er negativt er det rutineprege som ligg over det. Ein gjere det same, og det går rundt og rundt heile tida. Det blir mykje like arbeidsoppgåver».*

Avslutningsvis innan tema digitalisering av arbeidsoppgåver ynskte vi å utforske kva type digitalisering som var gjort hjå dei. Respondent 1 si verksemd har digitalisert alt som kan digitaliserast for dei kundane som ynskjer det. Kundar som ikkje er digitalisert, blir oppmoda til å digitalisere systema sine, men det er ikkje alle kundar som ynskjer det, og det er opp til kvar enkelt kunde kva dei ynskjer av digitalisering. *«Dei tilpassar seg etter kundens ynskje».*

Respondent 2 seier at dei har digitalisert alt som kan digitaliserast og har rekneskapsystemet i skya og det som elles høyre til det.

Respondent 3 fortel at dei har *«EHF-faktura og dei avstemmer rett frå rekneskapen til avstemmingsprogram så både faktura og avstemmingsprosedyrar er automatisert».*

Respondenten brukar i dag avstemmingsprogrammet Visma Periode & År som kom i fjor og PowerOffice Go vert også mykje brukt hjå dei.

I respondent 4 si verksemd har dei fleire skybaserte system, i tillegg til at dei brukar mykje teams til å kommunisere med både kundar og innad i arbeidsgruppa. Dei jobbar aktivt med å effektivisere det dei kan og nyttar robotar som skal utvikle rekneskapsoppgåvene hjå dei i framtida.

## 4.2 Kompetanse i dag

For å svare på problemstillinga som nemnt i kapittel 1 er det også nødvendig å undersøke kva kompetanse rekneskapsførarar treng i dag. Dei neste spørsmåla omhandlar nettopp dette teamet. Innanfor kompetanse i dag var vi nysgjerrig på om respondentane ser etter noko spesiell kompetanse ved tilsetjing av nyutdanna. Respondent 1 svarar at *«rekneskapsførarar må ha høgare kompetanse enn dei rekneskapsførarane som var for ti år sidan i form av at ein ikkje treng å vere ekspert i «punshing» og gjere dei same arbeidsoppgåvene dag inn og dag ut. Kundane kjem bort i mange problemstillingar og då må*

*rekneskapsfører fange dei opp og finne gode løysingar på det. For at du som rekneskapsfører skal klare det må du ha høgare kompetanse». Den kompetansen finn ein hos bachelorstudentar og hen trur at i framtida vert det krav for alle rekneskapsførarar å autorisere seg.*

Når vi stiller respondent 2 det same spørsmålet seier hen at *«vi har rekruttert på forskjellige måtar og er meir opptekne av at tilsette skal få jobbe med det ein interesserer seg for, der ein ikkje treng å vere autorisert eller kunne alt. Men det er likevel eit krav om å ha ein viss kunnskap om IT».*

Respondent 3 har oppfatning av at dei som kjem inn har lite erfaring frå rekneskap, at teori og praksis er svært forskjellige og at mange manglar kompetanse når dei kjem rett frå skulebenken.

Ifølgje respondent 4 er nok dette individuelt. *«Eg trur ikkje ein skal forvente så mykje kunnskap innanfor rekneskap, det er noko som kjem etter kvart som ein jobbar, men ein bør ha viss kompetanse på IT og kunne språk godt. Det er viktig at ein rekneskapsfører klarar å kommunisere».*

Vidare lurte vi på om det var noko respondentane sakna av kompetanse hjå nytilsette rekneskapsførarar. Respondent 1 tykkjer at ein *«uansett skulle ynskje at rekneskapsførarar var flinkare. Basisrekneskapen har forsvunne, men dette kjem fort når ein byrjar å jobbe».*

Respondent 3 seier at *«du må vere kompetent til å sjå problem og finne gode løysingar. Det er ikkje alle nytilsette som har og for å oppnå den kompetansen er det erfaring som må til».*

Respondent 2 og 4 meiner det ikkje er spesiell kompetanse dei saknar, men intervjuobjekt 4 tenkjer det er viktig med bachelor i bakgrunn slik at ein har teorikunnskap når ein byrjar å jobbe.

Neste spørsmål omhandla respondentane sine meiningar rundt digitalisering og endra kompetansebehov som konsekvens av det. Respondent 1 svara kontant *«ja, det trengs*

*høgare kompetanse innanfor alle område, men det er svært viktig at ein ikkje overgår sin kompetanse».*

Ifølgje respondent 2 kan det vere at ein missar noko kunnskap ved at ein går rett i data. Dette fordi ein ikkje kan rekneskap like godt og har ikkje same forståing for til dømes debet og kredit, som ein hadde før når ein førte rekneskap for hand. Vidare seier hen at det krev meir kunnskap innanfor data og IT.

Vidare fortel respondent 3 *«ja, på ein måte. Vi ser at oppsettet går automatisk, men det er veldig viktig å passe på. Det er viktig å ha kunnskap om det du driv med for å kontrollere om det blir gjort riktig av systemet. Så ein må framleis forstå det som er framfor deg, sjølv med all digitalisering og det er viktig med kompetanse på det du styra med».*

Respondent 4 seier at behovet har endra seg. *«Behovet for kompetanse no er meir på systemsida. Det trengs betre kompetanse i å forstå systema ein sit i og dette er noko det burde vore betre undervist i på skulen».*

### 4.3 Kompetanse i framtida

I siste del av empirien har vi prøvd å finne ut kva dei ulike respondentane tenkjer om framtidas kompetansebehov. Spørsmåla vi stilte er baserte på det teorien trur blir framtidas kompetanse hos rekneskapsførarar, som vist i kapittel 2. Det er spesielt tre områder det er venta at rekneskapsførarar treng betre kompetanse på i framtida; teknologi, berekraft og rådgjeving.

Først var vi interessert i å vite om det trengs breiare kompetanse i møte med den digitale utviklinga og eventuelt kva kompetanse ein treng. Respondent 1 seier at *«det ikkje trengs noko breiare kompetanse, men at det er behov for meir spissa kompetanse».* Hen seier også at *«ein rekneskapsførar må vere flinkare til å tileigne seg kunnskap no».* Respondent 2 tykkjer også at det handlar om å spisse kompetansen som rekneskapsførarar allereie sit på.

Ifølgje respondent 3 trengs det breiare kompetanse fordi ein må kunne både data og rekneskap for å kunne følgje med på utviklinga. Det trengs også ein viss kompetanse på rådgjeving, fordi det er ein anna måte å møte kundane på i dag, og det er behov for kompetanse på det å ta kontakt med kundar.

Respondent 4 trur at «den kompetanse som rekneskapsførarar har i dag vil det framleis vere behov for i framtida. Ein må kunne klare å sette seg inn i og lese rekneskap no som før. Det blir meir og meir behov for datakunnskap, mens kunnskap om rekneskap blir verande slik den er. Ein må få meir spissa kompetanse på kundar, og korleis kontakte og kommunisere med dei. Her trur eg fokuset ligg i framtida».

Det siste spørsmålet omhandla kva respondentane tenkjer om framtidens kompetanse på mellom anna;

#### - **Teknologi**

Ifølgje respondent 1 må «ein rekneskapsførar ha generell kompetanse, men dei fleste i dag har grei kompetanse på dette området». Hen seier vidare at «det er element dei fleste kan, som for eksempel å slå av og på ei datamaskin. Det er basiskunnskap som ligg hos dei fleste. Før brukte rekneskapsførarar kompliserte system for rekneskap medan systema i dag er mykje meir brukarvennleg».

Respondent 2 meiner at det handlar om å tileigne seg kompetanse på dataprogram i framtida, medan respondent 3 tenkjer IT-kompetansen må vere høgare og betre i framtida. Respondent 4 seier at «det trengs ikkje ein eigen bachelor på emne men ein må vere trygg rundt en PC. Er du det så kjem du langt».

#### - **Berekraft**

Respondent 1 fortel at rekneskapsførarar er samtalepartnarar i tema som marknadsføring, jus, økonomi, personal og det er noko dei også vert på berekraftsrapportering i framtida. Hen trur at «berekraftsrapportering er noko som kjem for alle verksemder, der dei må greie ut for korleis dei bidreg i forhold til miljø. Vi er ikkje der no, men det er viktig at det ikkje er tomme ord». Vidare fortel hen at berekraftsrapportering er kompetanse ein må tileigne seg.

Vidare seier respondent 2 at berekraftsrapportering er ein positiv utvikling for samfunnet og det vil difor vere kompetanse rekneskapsførarar treng, for å vere i stand til å hjelpe verksemdene med dette.

Når det gjeld berekraft svara respondent 3 at *«som rekneskapsførar må ein kunne meir om berekraft og dette kjem til å bli ein del av den daglege arbeidsmengda»*.

Respondent 4 tenkjer også at på sikt vil det nok trengs kompetanse på det. Det er ikkje noko respondenten driv med sjølv, men det er stor sannsyn for at det blir oppretta ei gruppe som skal drive med berekraftsrapportering. Likevel trur hen at *«berekraft vil bli ein del av den same bolken som rådgjeving og det er difor eit felt ein treng kompetanse på»*. På eit følgjespørsmål om korleis ein kan tileigne seg den kompetansen kjem det fram at *«som autorisert er det krav til å halde seg oppdatert på fleire fagfelt. Verksemdar bør lage eit opplegg eller kurs som alle rekneskapsførarar bør ta del av»*.

#### - **Rådgjeving**

Rådgjevar er framtidens rekneskapsførarar ifølgje respondent 1. Vidare seier hen *«vi kjem inn på kundane og difor blir vi ein naturleg samarbeidspartnar med dei. Ingen gir betre råd enn rekneskapsførarar og vi er den type folk verksemdar vil prate med»*.

Ifølgje respondent 2 er det fleire ting rekneskapsførarar bør tenkje på når dei skal gje råd til sine kundar. Ein må alltid vise respekt for kunden, og fremje ei innstilling der det ikkje finns dumme spørsmål frå kunden. *«Vi vil jo at kundane våre skal gjere det bra og vi skal vere glad på kunden sine vegne»*. Hen poengterer vidare at kunde og rekneskapsførar skal spele på lag for å skape resultat. For å oppnå dette må rekneskapsførarar ha kompetanse på å samhandle med kunden og skape lojalitet.

Respondent 3 ser for seg at rekneskapsførarar må ha meir kunnskap og kompetanse om økonomi for å vere gode rådgjevarar for sine kundar. Intervjuobjektet legg til at *«rekneskapsførarar må ha god kontroll på sitt arbeid slik at ein gir gode råd vidare»*.

Respondent 4 er klar på at *«rådgjeving er den vegen vi går. Vi har spissa denne kompetansen i team og her spesifiserer vi oss innanfor ulike områder. Kundeteamet i verksemda jobbar direkte med kundar og har fokus på rådgjeving»*. Vi spør respondent 4 vidare om hen trur at rekneskapsførarar treng meir sosial kompetanse. Svaret er at *«det er lite kundemøte fysisk etter corona og ein sender heller ei enkel melding eller tek ein telefonsamtale til kunden»*. Vidare fortel hen at *«dei fokuserer mest på det å ta kontakt med kunden. Det er viktig å kunne ta kontakt og det er noko rekneskapsførarar må meistre. Som rekneskapsfører bør du vere kompetent til å takle mange ulike mennesketypar i ulike situasjonar og vere i stand til å gje informasjon om rekneskap på en enkel måte som kundar forstår»*.

#### 4.4 Avsluttande spørsmål

I den avsluttande delen av intervjuet fekk respondentane anledning til å leggje til noko dei tykkjer vi burde ha spurt om eller ikkje hadde utforska nok om, samt om det var noko dei ynskte å utdjupe meir. Respondent 1 uttrykkjer at *«rekneskapsfører ligg høgt opp på lista og det blir ikkje mindre jobb for dei, heller andre oppgåver. Omsetninga stig så det er tydeleg at rekneskapsføreryrket ikkje vil døy ut»*.

Respondent 2 ser den store forskjellen digitalisering har medført rekneskapsbransjen, men poengtera at utviklinga ikkje er ferdig og det skjer stadig endringar frå år til år. Likevel sit hen igjen med eit inntrykk av at rekneskapsførarar er «redde» for digitalisering og at eldre verksemdar slit med å omstille seg til ein meir digitalisert kvardag. Vidare tenkjer intervjuobjektet at bransjeretta kompetanse er viktig der du må kunne bransjen kundane dine operera i. Eit viktig punkt er at om *«rekneskapsførarar skal vere i stand til å gje råd til kundar må dei ha kunnskap om bransjen»*. Det inneberer at rekneskapsførarar må ha kompetanse på det dei skal gje råd om.

Respondent 3 opplev at *«det er mykje dokumentasjonskrav og det er fleire fagfelt der rekneskapsførarar treng betre kompetanse»*. Hen framheva spesielt kvitvasking og viktigeita ved å alltid tenkje på kva transaksjonar som vert gjort. Avslutningsvis fortel

intervjuobjektet at det er store forskjellar mellom privat sektor og offentlig sektor når det gjeld digitalisering, der privat sektor ikkje er gode nok på dette.

Respondent 4 hadde ingenting å føye til på dette spørsmålet.

## 5.0 Drøfting

Dei føregåande kapitla har lagt grunnlaget for at vi i denne delen av oppgåva kan drøfte resultat som er funne. Dette vert gjort ved å kople teori mot empiri. Det vil nyttast same struktur som i kapittel 4, der forskingsspørsmåla blir drøfta i kronologisk rekkjefølgje.

Kapittelet har til hensikt å oppnå betre forståing av digitalisering i rekneskapsbransjen og eit klårare svar på oppgåva sine forskingsspørsmål og problemstilling. I teksten vil vi referere respondent 1, 2, 3 og 4 til R1, R2, R3 og R4, medan verksemdene blir omtalt som V1, V2, V3 og V4. Dette for å skape betre flyt i teksten for lesar.

## 5.1 Digitalisering og rekneskapsfører sine arbeidsoppgåver

### 5.1.1 Digitalisering

Som det kjem fram av teorien kan automatisering auke produktiviteten på fleire av oppgåvene innanfor rekneskapskapen som før vart utført manuelt (Sintef, u.å.). RPA er ein måte å automatisere rekneskapsoppgåver på slik at rekneskapsførarar kan bruke tid på andre komplekse oppgåver (PwC, u.å.-b). RPA har også den fordel at manuelle, tidkrevjande og regelbaserte oppgåver kan gjennomførast på ein meir effektiv måte (Torlone et al., 2016, s. 2).

Utifrå empirien er det tydeleg at rekneskapsverksemdene i undersøkinga har digitalisert det som kan digitaliserast. RPA robotar er implementert i alle verksemdene, men vert nytta på ulike måtar. Alle respondentane har tatt i bruk automatiserte faktura og avstemmingsprogram i sitt daglege arbeid. Det er likevel interessant at R1 si verksemd framleis har ein del store kundar som ikkje ynskjer å vere digitalisert. R1 tykkjer ein skal tilpasse seg kundens ynskjer, men dei oppmodar kundane sine om å digitalisere seg. I V2 derimot er det eit krav for nye kundar å bruke digitaliserte system. Dei vel å avslå kundar som framleis ynskjer å levere til dømes faktura per post, og kundar som ikkje nyttar digitaliserte system. Verksemdene forhold seg altså ulikt til digitalisering ut mot kundar. V4 har eit stort fokus på digitalisering og R4 bidreg aktivt med å forbetre digitale system og utvikle robotar som kan nyttast i rekneskapsarbeidet i framtida. R4 er klar på at digitalisering



og robotisering vil overta fleire og fleire oppgåver i framtida, og difor er dette eit viktig utviklingsområde hjå dei.

Kunstig intelligens er nok ikkje eit utbreitt fenomen i rekneskapsbransjen per no, men nokre rekneskapsprosessar vert handtert av KI. Dette gjeld spesielt innan behandling av mellom anna inngåande fakturaer og berekraftsrapportering (Ellefsen, 2022). KI er likevel ikkje i dag god nok til å igangsette eigne prosessar og det er nok framleis ein god veg igjen før dette kan nyttast som eit godt verktøy i bransjen. Det er ei spennande utvikling og det er interessant at spesielt V4 aktivt jobbar med robotar og KI i sitt daglege arbeid. Slik den teknologiske utviklinga framstår no er det ikkje utenkjeleg at KI i framtida kan setje i gong prosessar og handtere dei rutinebaserte oppgåvene på eigenhand, sjølv om empirien motseier dette argumentet. I dag blir KI ifølgje teorien mest brukt på berekraftsrapportering og fordi ingen av verksemdene driv med dette, kan det tenkjast at det kan vere ein av grunnane til at det er lite brukt i verksemdene vi har intervjuet.

Avslutningsvis i intervjuet kom det fram eit svært interessant punkt frå R2 om at inntrykket i bransjen er at rekneskapsførarar er «redde» for digitalisering, og at fleire av verksemdene ikkje klarar eller ynskjer å omstille seg. Det er interessant å sjå om dette kan setjast i samanheng med at rekneskapsverksemdar lar kundar sjølv velje om dei ynskjer å nytte digitale verktøy. Det kan tenkjast at V2 som ikkje tilbyr anna enn digitale tenester ikkje kan vere «redd» for digitalisering. Sidan dei andre verksemdene lar dette vere opp til kvar enkelt kunde sjølv, kan dette påverke deira syn på digitalisering. Det er også særleg interessant at R3 opplever at privat sektor ikkje er gode nok på digitalisering. Mykje i teorien peikar på at robotar og digitalisering blir ein større del av kvardagen til rekneskapsførarar og på eit tidspunkt er dette noko som dei må ta stilling til. Dersom rekneskapsverksemdar skal vere konkurransedyktig i bransjen bør dette difor vere ein prioritet.

Alle respondentane opplev at digitalisering og digitale hjelpemidlar bidreg til at rutinemessige oppgåver handterast meir effektivt, og frigjer tid som rekneskapsførarar kan bruke på andre oppgåver. Men på den andre sida krev det meir av rekneskapsførarar i å vere ajour med rekneskapskapen fordi kundane er til ei kvar tid oppdatert. R3 opplev at digitalisering også bidreg til meir ryddearbeid for rekneskapsførarar fordi kundar ynskjer å føre noko av

rekneskapsoppgåver sjølv. Det kan medføre at det oppstår fleire feil som rekneskapsførarar må rette opp i. Fleire av respondentane underbygger dette, og trur at det i framtida vert meir kontrollering som blir arbeidskvardagen til rekneskapsførarar.

Til slutt er det også noko overraskande at respondentane framleis opplever ca. 50% av rekneskapsoppgåver i dag som rutinebaserte oppgåver. Det er nok ein generell innstilling til at digitalisering medfører mindre slike oppgåver. Det viser seg midlertidig at fleire av respondentane ikkje trur at alle rutinebaserte oppgåver forsvinner som følge av digitalisering. Ifølgje fleire av respondentane vil det truleg bestå rundt 40% rutinebaserte oppgåver igjen i framtida, men at digitalisering medfører at tidsbruken på oppgåvene reduserast og dermed handterast meir effektivt. Det er interessant at dei i liten grad trur at alle rutinebaserte oppgåver kan effektiviserast med tanke på den digitale utviklinga som skjer og når teorien viser at teknologi vil overta fleire av rekneskapsførar sine arbeidsoppgåver (Kvalheim, 2020c).

### 5.1.2 Arbeidsoppgåver

Ifølgje fleire av respondentane har oppgåvene før i tida bestått av manuelle- og rutineprega rekneskapsoppgåver, medan oppgåvene i dag består i større grad av problemløysing mot kundar, og i mindre grad rutineprega- og manuelle arbeidsoppgåver. Alle respondentane med unntak av R4 er einig i at det er forskjell mellom arbeidsoppgåver før, og arbeidsoppgåver i dag. R4 på si side tykkjer at oppgåvene er mykje dei same, men at forskjellen ligg i utføringa av oppgåvene. R4 sin arbeidskvardag består framleis av fakturahandtering, avstemming og lønnskøyting, men meiner at digitalisering medfører mindre «punshearbeid». Mykje av det som kjem fram i empirien stemmer altså godt overeins med Løvaas et al. (2018, s. 168) som seier at rekneskapsførarar brukar mindre tid på tradisjonell bokføring og andre rekneskapsrelaterte tenester enn tidlegare. Det er difor interessant at to av respondentane oppgjev at dei framleis utfører mykje tradisjonell bokføring og rutineprega arbeidsoppgåver som ein del av sin arbeidskvardag. På same tid er to av respondentane mindre prega av rutinemessige arbeidsoppgåver. Dette kan setjast i samanheng med at dette er leiarar for kvar sin rekneskapsverksemd og det kan tenkjast at slike oppgåver vert delegert til andre tilsette. På ei side framstår det altså som at

rekneskapsoppgåver i dag framleis består av ein del tradisjonelle og rutineprega oppgåver, men på ei anna side er det også andre oppgåver som problemløysing og rådgjeving som har vakse fram. Mykje tyder altså på at arbeidsoppgåver i dag består i stor grad av mange av dei same arbeidsoppgåvene som vart gjort før, men at digitalisering har effektivisert oppgåvene og dei blir handsama på ein anna måte.

Ifølge Kvalheim (2020b) er rekneskapsarbeidet effektivisert og tida nytta på arbeidsoppgåver redusert. Dette bekreftar respondentane, og legg også til at rekneskapsoppgåvene er mindre tidkrevjande å handsame på grunn av digitaliseringa. Effektivisering fører til at rekneskapsførarar har betre tid til andre oppgåver, mellom anna meir kundekontakt. Det blir seinare i kapittelet nemnt større behov for dokumentasjonskrav som rekneskapsførarar må dekkje og dette tar truleg meir tid å utføre. Likevel uttrykker respondentane å ha betre tid til andre arbeidsoppgåver og dei er meir ajour med rekneskapsarbeidet. Effektivisering medfører dermed at bransjen legg større vekt på mellom anna rådgjeving og tettare samarbeid med kunden (Kultorp, 2020).

Det kan også tenkjast at dei forskjellige synspunkta kan skuldast ulik grad av digitalisering innan rekneskapsverksemdene, og at dei som i større grad er digitalisert opplev å ha andre oppgåver enn dei som er mindre digitalisert. V2 har sidan starten vore heildigitalisert, noko som kan føre til at desse har effektivisert mange av dei tradisjonelle arbeidsoppgåvene og dermed opplever mindre «punshearbeid». V1 på den andre sida har framleis kundar som ikkje er digitalisert og dermed kan dei oppleve meir «punshearbeid» og tradisjonell bokføring enn til dømes V2. R4 jobbar direkte med digitalisering og kan difor oppleve å ha eit anna syn på endringar i arbeidsoppgåver. Samstundes kan det likevel tenkjast at fleire av verksemdene har på ein eller anna måte brukt digitale verktøy, som til dømes avstemmingar i Excel, i mange år, medan dei same avstemmingane no vert gjennomført via systemet ein nyttar. Fleire av verksemdene har difor til ein viss grad vore digitalisert, men nokre har tatt digitalisering eit steg vidare. Det er difor eit interessant punkt om dette kan ha innverknad på respondentane sine tankar rundt arbeidsoppgåver. Det kan også tenkjast at respondentane vurderer omgrepa tradisjonelle- og rutinebaserte oppgåver på ulike måtar, og det kan ha hatt innverknad på om dei ser endringar i arbeidsoppgåvene. Alle

respondentane er likevel einig i at det er ei endring som følgje av digitalisering, men ueinig om det er endring i arbeidsoppgåver eller i større grad effektivisering av arbeidsoppgåver.

### 5.1.3 Kontrollarbeid og dokumentasjon

Forberg (2022) opplyser i sin teori at rekneskapsprodusenten si oppgåve er i stor grad å kvalitetssikre dei digitale prosessane. Vidare følgjer det av Kvalheim (2019) at rekneskapsførarar må fysisk inn å kontrollere rekneskapsystemet si behandling av mellom anna faktura som ein del av sine arbeidsoppgåver. Automatisering har i stor grad medverka til at rekneskapsførarar sjølv, og rekneskapsoppgåver består i større grad av kvalitetssikring, i staden for den tradisjonelle «punshinga». R1, R2 og R3 er einig i at ein stor del av rekneskapsførarar sin arbeidskvardag er å drive med kontrollarbeid, som til dømes å sjekke at føringane som systemet har gjort er riktig. Ein viktig del av arbeidsoppgåvene er å sjekke at EHF-fakturaer blir lagt inn riktig, med mellom anna dato, sum og utrekning av mva, medan rekneskapsførarar før måtte legge inn slike opplysningar manuelt. På bakgrunn av dette kan ein sjå ei utvikling frå manuelle føringar til kvalitetssikring av disse føringane. Det er særleg R1 og R2 som tenkjer at behovet for kontrollering blir ein endå større del av rekneskapsførarar sin arbeidsdag i framtida, medan R3 tenkjer det er meir kontrollarbeid i dag, men at arbeidsoppgåver i framtida vert i større grad rådgjevingstenester.

R2 opplever at digitalisering fører med seg ny form for svindelfaktura. Dei kjem rett inn i systemet som EHF-faktura og er identiske til ekte fakturaer som gjere det vanskeleg å oppdage forskjell. Før i tida kom faktura i papirform og det kunne vere lettare å oppdage at det var ein svindelfaktura. Slik den digitale utviklinga er i dag er det rart at teknologien ikkje er så god at systemet sjølv kan oppdage at dette er ein svindelfaktura. Det kan likevel tenkjast at ein del av dei digitale prosessane er så automatiserte, eller vert så automatiserte i framtida, at slike faktura blir sendt direkte i ein «søppelpost». Det er difor interessant at R2 meiner fleire slike svindelfakturaer vil komme gjennom systemet i framtida.

Fleire av respondentane fortel om større behov for dokumentasjon som følgje av digitalisering. I dag er det mykje dokumentasjonskrav til mellom anna kvitvasking, som rekneskapsverksemder allereie er pålagt å følgje. Det er ikkje eit nytt dokumentasjonskrav,

men det kan tenkjast at digitalisering har medført større behov eller auke i dokumentasjonskrav. Det kan også tenkjast at teknologi på ein måte har gjort det enklare å kvitvaske og dermed må det større dokumentasjonskrav til for å redusere økonomisk kriminalitet. Digitalisering har nok også i større grad ført med seg meir dokumentasjonskrav på personvern, noko som også vert nemnt i empirien. Rapportering til skattemyndigheiter er også ikkje noko nytt fenomen, men til gjengjeld har digitalisering ført til at rapportering til myndigheiter enkelt kan gjerast i rekneskapsystemet sjølv. R1 og R2 er blant respondentane som ser eit større dokumentasjonskrav og opplev det som baksida av digitalisering. På ein måte kan det altså tyde på at digitalisering har ført med seg meir dokumentasjonskrav, men på ei anna side kan det heller tenkjast at det er større dokumentasjonskrav, men at digitalisering har effektivisert også desse prosessane.

### 5.1.5 Spesialisering

I V1 og V2 utfører rekneskapsførarar alt for kunden frå a til å. Hjø verksemda til R3 og R4 er ansvarsområde oppdelt i bolkar der rekneskapsførarar spesialiserer seg på ulike arbeidsoppgåver. Nokre rekneskapsførarar spesifiserer seg på kundar og kundekontakt, medan andre jobbar med løpande rekneskap for kunden. R4 tykkjer at arbeidsoppgåvene er meir einsformig ved at oppgåvene vert meir spesialisert. Sjølv om R1 driv med rekneskap frå A til Å spesialiserer dei seg til ei viss grad her også, ved at nokre er gode på lønn og andre på bokføring. Dette kan setjast i samanheng med utvida områder som rekneskapsførarar skal dekkje, og fører til at ein kanskje må fordele, og bli gode på ulike områder og heller utfylle kvarandre. Det er nok venta at det oppstår fleire områder som rekneskapsførarar skal ha kunnskap på. Difor kan det vere naudsynt å spesialisere seg i framtida.

I V3 og V4 er det oppretta eigne team som spesialiserer seg direkte på kundar. Det kan difor på den eine sida tenkjast at ikkje alle rekneskapsførarar i same grad treng spesialisering eller kompetanse på kundekontakt. På den andre sida, dersom digitalisering medfører større kundekontakt og rådgjeving, framfor tradisjonell rekneskapsføring, bør det likevel vere fokus på å forbetre dette. Slik teorien trur utviklinga av rekneskapsbransjen vil gå føre seg kan det vere auka behov for spesialiserte rekneskapsførarar. Spesialisering kan spare rekneskapsførarar for arbeid ved at ein blir godt kjend med det området som ein

spesialiserer seg i. Dette kan igjen medføre auka kundetilfreds og betre problemløysing ut mot kunde.

Som nemnt i empirien opplever spesielt R4 at corona har medført større digital kundekontakt framfor fysisk kundekontakt. R4 ser dette som ein aukande trend for framtida også, og det er lettare å ta kontakt med kunde og stille eit enkelt spørsmål i dag via tlf eller melding. Det er også mykje i empirien og teorien som tyder på at det er større kundekontakt i dag, fordi kundar er meir oppdatert på eige rekneskap og følgjer i større grad med. Likevel viser det seg at den fysiske kundekontakten er mindre framtrekande og at det for framtida kan verte mindre fysisk kontakt, men at kontakten med kundar blir gjort digitalt. Det er vanskeleg å tenkje seg at kundar må spesialisere seg på kundekontakt fordi for mange er det mindre utfordrande å sende ei melding framfor å ta kontakt fysisk, men på ein annan måte er det viktig med spesialisering innanfor eit område slik at du har betre kompetanse på det du skal gje råd om.

Utifrå funn i drøftinga tyder det på at digitalisering har ført til at rutinemessige oppgåver handsamast på ein meir effektiv måte som bidreg til at rekneskapsførarar kan bruke tida på andre komplekse arbeidsoppgåver. Likevel krev digitalisering meir av rekneskapsførarar i det å vere ajour og det oppstår meir ryddearbeid. Det viser seg også at arbeidsoppgåver til ein viss grad kan ha endra seg, men at mykje av arbeidsoppgåvene er dei same, men er i større grad effektivisert og handterast på ein meir teknisk måte. Mykje av dagens arbeidsoppgåver består av kontrollarbeid som også vil vere ein stor del av rekneskapsoppgåver i framtida.

Digitalisering og teknologisk utvikling i rekneskapsbransjen fører med seg mykje positivt i form av mellom anna meir effektiv handsaming av rekneskapsoppgåver. Digitalisering fører til eit større kompetansebehov hjå rekneskapsførarar, på grunn av forskyvde arbeidsoppgåver og endra kundebehov, som vi skal utdjupe meir om i neste del av kapittelet.

## 5.2 Kompetanse i dag

Betre teknologi har i stor grad effektivisert prosesser i rekneskapsbransjen. Nye og betre verktøy medfører at økonomiavdelingar i større grad opplever at oppgåver løysast på ein heilt anna måte (View Ledger, u.å.-b). Finansnæringa står ifølgje Hjertø (u.å) heilt i frontlinja av digitalisering av forretning og arbeidsliv. Her kjem det tydeleg fram at næringa har eit stort udekkka kompetansegap. I finansnæringa er eit av dei viktigaste innsatsfaktorane kompetanse, og eit kompetanseskift bør difor vere ein prioritert oppgåve i næringa (Hjertø, u.å.). Sjølv om finansnæringa i stor grad inneberer mellom anna bankinstitusjonar kan det tenkjast at dette også kan overførast til rekneskapsbransjen. Rekneskapsbransjen opplever skifte i arbeidsoppgåver som vist før, og eit kompetanseskift bør vere ein prioritet for å møte framtidens rekneskapsbransje.

Digitalisering har medført at skybaserte rekneskapstenester i dag er eit digitalt hjelpemiddel som dei fleste verksemdar aktivt nyttar. Slike tenester inneber eit tettare samarbeid mellom kundar og rekneskapsførarar, fordi kundar til ei kvar tid er oppdatert og følgjer meir aktivt med på rekneskapen (Centiga, 2022). Teorien peikar også på ein overgang frå transaksjonsbasert arbeid til relasjonsbasert arbeid der rekneskapsførarar vert endå tettare på kunden. Det fører til at rekneskapsverksemdar i større grad må tilby kundar tenester utover det som gjeld rekneskap (Regnskap Norge, u.å.-c). Skiftet i tenester medfører nye kompetansebehov på andre områder enn rekneskap som rekneskapsførarar må dekkje, mellom anna relasjonskompetanse og IT- kompetanse.

R1 ser eit klart høgare kompetansebehov hjå dagens rekneskapsførarar i form av å ikkje vere ekspert i det tradisjonelle «punshearbeidet». Både R1 og R3 viser til at i dag kjem kundar utfor fleire komplekse problemstillingar og det er rekneskapsførar sin jobb å identifisere desse og kommunisere ut gode løysingar. R3 tykkjer dette er kompetanse som dagens rekneskapsførarar manglar og R1 tenkjer at for å møte desse nye behova trengs det høgare kompetanse på det området du skal gje råd om. Det kan tenkjast at meir spesialisering i rekneskapsbransjen fører til at rekneskapsførarar ikkje treng kompetanseheving på alle områder, dersom ein går utifrå at spesialisering er vegen å gå i framtida. Meir og betre spesialisering hjå rekneskapsførarar kan skape ein fordel ved at ein har eit område med høg

kompetanse. Det kan igjen skape høgare kundetilfreds og betre samhandling med kunde. Kompetanse på det som rekneskapsførarar skal rådgjeve om er eit punkt som vart etterspurt i empirien, men likevel er det også naturleg å tenkje at rekneskapsførarar treng betre kompetanse på rådgjeving slik at dei kan betre forklare ut gode løysingar til kunden. Dette er i tråd med teorien som peikar på at arbeidsrolla til rekneskapsførarar vert meir rådgjeving. R4 ser allereie no viktigheita av å ha gode eigenskapar til å kommunisere med kunden og at dette er kompetanse som rekneskapsførarar treng meir av.

Teorien viser også til større krav for rekneskapsførarar når det gjeld IT kunnskapar. Digitalisering medfører at dei fleste kundar i dag har gått over på digitale system som førar til eit større behov for kompetanse på data. Dette fordi systema kan vere komplekse å handtere. Det er sjølv sagt nokre unntak og det er spesielt V1 som poengterer at dei framleis har store kundar som ikkje ynskjer å anvende digitale system. Elles kjem det fram av intervjuet at resterande verksemdar aktivt brukar digitale system. Det kan på bakgrunn av det tenkjast at behovet for kompetanse i V1 i dag er mindre framtrødande enn for dei andre verksemdene. Likevel er det nok uunngåeleg at også desse i framtida bør få alle kundar i digitale system for å vere konkurransedyktig i bransjen. Det er interessant at det er berre R2 og R4 som krev ein viss IT-kompetanse når dei skal tilsette rekneskapsførarar i dag, når teorien etterspør større behov for IT-kompetanse i bransjen. Dei fleste respondentar ser eit elles større behov for betre kompetanse på IT hos rekneskapsførarar. R4 på ei anna side meiner det også er behov for meir kompetanse på system sida, kontra direkte IT-kompetanse. Det fordi det i dag finns fleire rekneskapsystem som rekneskapsførarar skal handtere. Rekneskapsførarar treng ifølgje R4 betre kompetanse på å forstå rekneskapsystema ein sit i, og seier at dette er det for dårleg undervist om på skulen. R1 derimot fortel at rekneskapsystema som vert brukt i dag er mykje meir brukarvennleg og dei fleste har god nok kompetanse på området og ser ikkje det same behovet for kompetanseheving som andre respondentar.

Digitalisering og digitale hjelpemiddel har medført eit tettare samarbeid mellom rekneskapsførarar og kundar. Skifte i tenester som rekneskapsverksemdar må tilby har ført til nye kompetansebehov på mellom anna områder som rådgjeving og IT. Funn i studien tyder på at rekneskapsførarar treng betre kompetanse på det dei skal gje råd om framfor



kompetanse på rådgjeving i seg sjølv. Både teori og dei fleste respondentar oppgjev større behov for kompetanse på IT og spesielt kompetanse på system. Likevel kan det tyde på at mange av rekneskapssystema i dag er så brukarvennlege at generell IT-kompetanse er nok.

## 5.3 Kompetanse i framtida

Digitalisering i rekneskapsbransjen er så vidt i gong og som det kom fram i teorien er samfunnet prega av høg endringstakt som påverkar mellom anna rekneskapsbransjen og rekneskapsførarar. Teknologi er eit av dei viktigaste pådrivarane for utviklinga som skjer i bransjen og mange av dagens kompetansekrav som stillast til rekneskapsførarar framhevast som endå viktigare i framtida.

### 5.3.1 IT-kompetanse

I teorien er det særleg tre områder det er venta at kompetansen hjå rekneskapsførarar må hevast. Eit av desse punkta gjeld kompetanse på teknologi som også har vore drøfta i førre delkapittel. Løvold (2022) uttrykkjer større kompetansebehov innan IT der rekneskapsførarar ikkje skal vere IT ekspertar, men ha ein overordna kompetanse på det. Dette på bakgrunn av endra kundebehov og framveksten av nye digitale rekneskapssystem som rekneskapsførarar må nytte i endå større grad i framtida. R4 sine utsegn stemmer godt overeins med det som kjem fram av teorien. Det er ikkje slik at rekneskapsførarar treng ein heilt ny utdanning eller bachelor på emne, men ein viss kompetanse er nødvendig for å forstå systema som vert brukt. R1 på den andre sida fortel at rekneskapsførarar i dag har ein god nok generell kompetanse på IT og at dette ligg som basis kunnskap hos dei fleste. Grunngevnaen til dette kan liggje i at det i dag vert brukt betre og meir brukarvennlege rekneskapssystem som gjere at dei fleste rekneskapsførarar kan anvende desse med ein generell IT-kompetanse. Vidare er det slik at både R2 og R3 ser eit behov for høgare kompetanse på IT, men at R2 tenkjer det må rettast i større grad mot dataprogram.

### 5.3.2 Berekraftskompetanse

På emne berekraft er det venta at rekneskapsbransjen må implementere ny kompetanse og greie ut for korleis verksemder bidreg i forhold til miljøutslepp. Berekraft vil i større grad bli ein del av det tradisjonelle økonomifunksjonen, og krev difor ny kompetanse blant økonomar. Det er økonomi- og rekneskapsnæringa som må stå for informasjonsbehovet i overgangen til den grønne omstillinga og økonomar vil ha ein sentral rolle i utviklinga (Madic, 2021). I intervjuet kjem det fram få synspunkt om kompetanse på berekraftsrapportering, men alle respondentane er samde i at berekraftsrapportering er eit område det trengs betre og meir kompetanse på, då dette i større grad vil bli implementert i det daglege arbeidet. Likevel får ein inntrykk av at verksemdene ser på dette som eit problem for framtida og ikkje her og no. R1 er tydeleg på at dette er noko som vil bli eit krav for alle rekneskapsverksemder, men dei er ikkje der no. I dag gjeld rapportering av miljøutslepp berre for store verksemder, men det er venta at også små og mellomstore verksemder i framtida kjem under berekraftsrapportering også. Det kan difor tenkjast at rekneskapsverksemder i dag ikkje ser behov for kompetanse på berekraftsrapportering, før dette også blir eit krav for små og mellomstor verksemder.

Digitalisering i seg sjølv har kanskje ikkje ført til eit endra kompetansebehov for rekneskapsførarar på berekraft. Dette er ein naturleg oppgåve som er komen på grunn av EU sine berekraftskrav og at berekraft er eit tema i vinden. Men digitalisering har på si side ført til at berekraftsrapportering skjer via digitale system og difor treng rekneskapsførarar ny kompetanse på området. Det er eit heilt nytt område for rekneskapsførarar og ny kompetanse vil difor vere eit behov både på systemsida og på utføringa av rapporteringa. Digitalisering vil også i stor grad endre berekraftsrapporteringa i framtida ved at KI-teknologi og andre digitale verktøy vil få ein større rolle. Teorien forventar at digitale system etterkvart vil utvikle betre løysingar som i større grad kan legge til rette for berekraftsrapportering. Det betyr at i framtida kan det komme spesifikke programvarer for å handtere rapportering (View Ledger, u.å.-a). På bakgrunn av dette ser ein større behov for å auke kompetansen spesielt på systemsida for at rekneskapsførarar i framtida skal vere klar til å drive med berekraftsrapportering, kontra berekraftsrapporteringa i seg sjølv. Samstundes kan det tenkjast at når det i framtida vert oppretta fleire standardar for berekraftsrapportering vil

det for respondentane vere lettare å møte dei utfordringar som kan oppstå ved rapportering.

Berekraftsrapportering er ikkje i dag ein del av utdanningsløpet og det er difor interessant å utforske korleis ein skal tileigne seg den kompetansen. R4 syner eit godt poeng ved at rekneskapsførarar har krav til å halde seg oppdatert på fleire fagfelt gjennom ulike kurs, og meiner at rekneskapsverksemdene må lage eit opplegg eller kurs til tilsette for å heve kompetansen på berekraft. Dette er også slik Kirkedam (2023) meiner er måten å heve kompetansen til dei tilsette på.

### 5.3.3 Rådgevingskompetanse

Det siste framheva punktet for kompetanseheving blant rekneskapsførarar gjeld rådgeving. Tidlegare i drøftinga såg vi at endra kundebehov fører til at bransjen i større grad vil oppleve større kundesamhandling. Det er stor einigheit blant respondentane at framtida for rekneskapsførarar vil bestå av rådgeving. R2 tenkjer at rekneskapsførarar må inneha kompetanse på å samhandle med kunden og skape lojalitet. R3 på den andre sida meiner at rekneskapsførarar må ha betre kunnskap og kompetanse om økonomi for at dei i det heile tatt skal kunne gje råd til sine kundar. Samstundes påpeikar R3 viktigheita for ein viss kompetanse på rådgeving fordi det i dag er ein heilt anna måte å møte kundane på. I V4 spissa dei den kompetansen ved at rekneskapsførarar spesifiserer seg innan ulike områder. Det er eit eige kundeteam som har fokus på rådgeving, og dei rekneskapsførarane som sit med bokføring oppnår ikkje den kompetansen.

Det er også interessant at R4 nemner mindre kundekontakt etter corona og ein sender heller ei melding til kundar. Difor kan det tolkast dit hen at det i utgangspunktet ikkje er behov for sosial kompetanse, men betre kompetanse på å gje informasjon til kundar på ein forståeleg måte. Det er difor interessant at teorien peikar på meir kundekontakt og rådgeving for framtida og at rekneskapsførarar treng betre kompetanse på dette området, medan R4 trur det blir mindre fysisk kundekontakt der rekneskapsførarar i større grad vil ta kontakt med kunde via melding. Utgangspunktet for betre kompetanse på å leggje fram informasjon på ein god måte stemmer godt overeins med (Løvaas et al., 2018, s. 169). Her vert det etterlyst

breiare kompetanse på rekneskapsføring og ein djupare bedriftsøkonomisk forståing, medan gode kommunikasjonsevner vil i større grad vere personlege eigenskapar rekneskapsførarar bør ha. Likevel må ein ha i tankane at i ein rådgjevingssituasjon er behovet for kommunikasjon framtreande og det kan tenkjast at det er ein kompetanse rekneskapsførarar bør tileigne seg.

Dei fleste respondentar er samde i at rekneskapsførarar treng kompetanse på IT i framtida, men det er ikkje forventa at dei skal ta ei heilt ny utdanning. Berekraft vil i framtida bli ein del av dei daglege arbeidsoppgåvene og er difor eit område det er behov for betre kompetanse på. Likevel kan resultata tyde på at digitalisering fører med seg større kompetansebehov på systema som skal handtere berekraftsrapporteringa. For rådgjeving vert det på ei side vist større behov for kompetanse, men på den andre sida opplev ein av respondentane at det er mindre behov for fysisk rådgjeving og kontakten vil bestå av å sende ei melding. For framtida er det nok også viktig å ha betre forståing på det området som rekneskapsførarar skal gje råd om. Avslutningsvis er dei fleste av respondentane samde i at det ikkje er behov for breiare kompetanse hjå rekneskapsførarar, men det handlar om å spisse den kompetansen dei allereie sit på. R4 tenkjer at den kompetanse rekneskapsførarar har i dag vil det framleis vere behov for i framtida.

## 6.0 Konklusjon

Avslutningskapittelet har til hensikt å summere opp dei viktigaste funna i undersøkinga og komme fram til ein konklusjon, som kan gi eit svar på studien si problemstilling og forskingsspørsmål. Hensikta med studien har vore å få betre innsikt og forståing for påverknad digitalisering har hatt på rekneskapsførars arbeidsoppgåver og kompetanse. Konklusjonen kan vi trekkje på bakgrunn av funn og teori som oppgåva har presentert. Avslutningsvis i kapittelet vil vi på bakgrunn av funn i studien presentere forslag til vidare forskning.

### 6.1 Hovudfunn

I forskingsspørsmål 1 var vi ute etter å utforske om digitalisering har ført til ei endring av rekneskapsførarar sine arbeidsoppgåver. Rutinebaserte arbeidsoppgåver er noko som har følgja rekneskapsførarar i lengre tid og mykje i studien peikar på at digitalisering ikkje kan overta alle desse. Funna frå studien kan difor tyde på at det i mindre grad er endring i arbeidsoppgåver hjå rekneskapsførarar, men at desse på grunn av digitalisering er effektivisert og tar mindre tid. Likevel kan det tyde på at nye arbeidsoppgåver vert implementert på grunn av digitale system som inneber meir kontrollarbeid og dokumentering.

Forskingsspørsmål 2 handlar om kva kompetanse dagens rekneskapsførarar treng. Funna frå studien tyder på eit høgare kompetansebehov i å identifisere og kommunisere ut gode løysingar på komplekse problemstillingar som kundar møter. Det er i stor grad også einigheit om betre kompetanse på IT som rekneskapsførarar må tileigne seg. Det til tross for at mange av rekneskapsystema i dag er brukarvennlege og enkle å bruke.

I siste forskingsspørsmål ynskte vi å utforske kva kompetanse rekneskapsførarar har behov for i framtida. Studien syner at mange av dagens kompetansekrav hos rekneskapsførarar vil bli endå viktigare i framtida. Rekneskapsførarar treng ein viss IT-kompetanse, men det er ikkje nødvendig med heilt ny utdanning på dette. Likevel viser det seg også at mange av dagens rekneskapsystem er så brukarvennlege at generell IT-kompetanse er nok.

Berekraftsrapportering er noko som vert eit krav for alle rekneskapsverksemder og det krev ny kompetanse som rekneskapsførarar må tileigne seg. Likevel kan det tyde på at det er mindre behov for kompetanse på sjølve berekraftsrapporteringa, men at kompetansen må hevast på systemsida. Digitalisering vil truleg medføre at berekraftsrapportering blir ført ved bruk av KI-teknologi og kompetanse på dette blir viktig.

Siste viktige punkt for kompetanseheving blant rekneskapsførarar gjeld rådgjeving. Endra kundebehov og meir deling med kunden medfører eit auka behov for samhandling med kundar. Studiens funn viser behov for betre kompetanse hjå rekneskapsførarar på å gje informasjon til kundar på ein forståeleg måte. Til dette må kompetanse på rekneskapsføring auke framfor å auke den sosiale kompetansen slik teorien uttrykker.

Så for å svare på problemstillinga «*på kva måte har digitalisering endra arbeidsoppgåvene og kompetansebehovet til dagens og framtidens rekneskapsførarar*» viser funn frå studien at digitalisering truleg ikkje har endra mykje av arbeidsoppgåvene til rekneskapsførarar. Digitalisering har i større grad medført effektivisering av arbeidsprosessane og rekneskapsførarar kan nytte tida på andre komplekse arbeidsoppgåver. Det viser seg også at digitalisering medfører større kompetansebehov særleg på systemsida, og betre kompetanse på fagområde for å løyse komplekse problemstillingar saman med kunden i både i dag og i framtida.

Utvalet i oppgåva består av tre rekneskapsverksemder og fire rekneskapsførarar i gamle Sogn og Fjordane. Til tross for fråfall i intervjuprosessen og relativt lite utval, opplever vi likevel at utvalet er tilstrekkeleg for å belyse problemstillinga på ein god måte. Funna samsvarer i stor grad og det kan tenkjast at det kan vere eit lite grunnlag for generalisering innanfor det geografiske området. Vi har prøvd så godt det let seg gjere å styrke validiteten og reliabiliteten til resultatata som er presentert i studien.

## 6.2 Til vidare forskning

Gjennom studien oppdaga vi fleire tema som vi ikkje kunne belyse i studien. Til vidare forskning kan det vere interessant å sjå om utdanninga i dag er god nok til å dekke både dagens og framtidas kompetansebehov. Den digitale utviklinga vil fortsette å bli betre og betre i framtida og kan føre til eit endå større kompetansegap i bransjen. Fordi utdanning er ein måte å heve kompetansen til rekneskapsførarar på kan det vere interessant å undersøke om utdanningsløpet er god nok.

I ein framtidig studie kan det også vere interessant å utforske om det er god nok undervisning i skulen i bruk av digitale verktøy, og kanskje spesielt digitale rekneskapssystem. Det på bakgrunn av at ein av respondentane opplever at det trengs betre kompetanse på å forstå system og dette vert det ikkje undervist godt nok om i skulen.

## 7.0 Kjeldeliste

- Amesto. (2014, 21. mars). *Fremtidens regnskapsbransje*. Amesto.  
<https://amestogroup.wordpress.com/2014/03/21/fremtidens-regnskapsbransje/>
- Andersen, P. B. (2021, 10. juni). Automatisering. I *Store norske leksikon*.  
<http://snl.no/automatisering>
- Austheim, S. (u.å.). *Fakta om økonomisystemer*. Regnskap Norge. Henta 10. februar 2023 frå  
[https://www.regnskapnorge.no/teknologi-og-innovasjon/okonomisystemer\\_2021/](https://www.regnskapnorge.no/teknologi-og-innovasjon/okonomisystemer_2021/)
- Baksaas, K. M. & Stenheim, T. (2020). *Regnskapsteori* (2. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Basker, I. N. & Tjølsen, Ø. A. (2016). *Endringer i regnskapsbransjen—Bedriftscase*. Regnskap Norge.  
<https://www.regnskapnorge.no/globalassets/dokumenter/utviklingspakken/focus-case---regnskap-norge.pdf>
- Brænds Økonomi. (2021, 5. oktober). *Fordeler med skybasert regnskap*. Brænds Økonomi.  
<https://braends.no/2021/10/05/fordeler-med-skybasert-regnskap/>
- Centiga. (2022, 15. mars). *Skybasert regnskap: Komplette guide (nyttige tips, fordeler m.m.)*. Centiga. <https://centiga.no/blogg/skybasert-regnskap-guide/>
- CFB Bots. (2018). *The Difference between Robotic Process Automation and Artificial Intelligence*. Hentet fra <https://cfb-bots.medium.com/the-difference-between-robotic-process-automation-and-artificial-intelligence-4a71b4834788>
- Degrum, V. & Hafredal, M. (2018, 2. januar). *Robotic Process Automation—Pålitelig kollega eller Terminator?* Innomag. <https://www.innomag.no/robotic-process-automation-palitelig-kollega-eller-terminator/>
- ECIT. (u.å.). *Om oss*. Ecit. Henta 15. mai 2023 frå <https://www.ecit.com/no/om-oss/>
- Ellefsen, H. C. (2022, 5. oktober). *Hvor langt kan kunstig intelligens gå?* Regnskap Norge.  
<https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/teknologi2/hvor-langt-kan-kunstig-intelligens-ga/>
- Fiken. (u.å.). *Hva er et regnskapsbyrå*. Fiken. Henta 14. mai 2023 frå  
<https://fiken.no/forklarer/regnskapsbyra>
- Forberg, L. (2022, 13. juni). *Lys fremtid for regnskapsbransjen i Norge*. Ecit.  
<https://blog.ecit.com/no/lys-fremtid-i-regnskapsbransjen-i-norge>



- Griffith, E. (2022, 15. februar). *What Is Cloud Computing?* PCMag UK. <https://uk.pcmag.com/networking-communications-software/16824/what-is-cloud-computing>
- Hjertø, F. G. (u.å.). *Hvor går veien videre?* Finans Norge. Henta 20. mai 2023 frå <https://www.finansnorge.no/bransjer/arbeidsliv/kompetanse/hvor-gar-veien-videre/>
- Holm, E. D. (2021, 22. september). *Kunstig intelligens- Vil endre regnskapsbransjen slik vi kjenner den.* DNB Nyheter. <https://www.dnb.no/dnbnyheter/no/grunder/bruk-teknologien-der-den-er-god>
- Jacobsen, D. I. (2022). *Hvordan gjennomføre undersøkelser?: Innføring i samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Johannessen, A., Christoffersen, L. & Tufte, P. A. (2020). *Forskningsmetode for økonomisk-administrative fag* (4. utg.). Abstrakt forlag.
- Kirkedam, I. (2023, 20. mars). *Kompetansesjekken.* Finans Norge. <https://www.finansnorge.no/tema/statistikk-og-analyse/arbeidsliv/finansnaringens-kompetansebehov/kompetansesjekken/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014, 6. desember). *Digitalisering i offentlig sektor.* Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/no/tema/statlig-forvaltning/ikt-politikk/digitaliseringen-i-offentlig-sektor/id2340245/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2020). *Nasjonal strategi for kunstig intelligens.* Regjeringen. <https://www.regjeringen.no/contentassets/1feb2c4fd4b7d92c67ddd353b6ae8/no/pdfs/ki-strategi.pdf>
- Kompetanse. (2018, 3. mai). I *Store norske leksikon.* <http://snl.no/kompetanse>
- Kristoffersen, T. (2017). *Virksomhetsstyring og regnskapsorganisering* (2. oppl.). Fagbokforlaget.
- Kultorp, H. (2020, 4. mars). *Slik blir du som regnskapsfører en bedre rådgiver for kundene dine.* Sticos. <https://www.sticos.no/fagstoff/slik-blir-du-som-regnskapsforer-en-bedre-raadgiver-for-kundene-dine>
- Kvalheim, E. (2018, 1. juni). *Regnskapsføreren—Før og nå.* Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/regnskapsforeren---for-og-na/>
- Kvalheim, E. (2019, 1. juni). *Kunstig intelligens: Kan gi bedre innsikt i økonomien.* Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/kunstig-intelligens--kan-gi-bedre-innsikt-i-okonomien/>

- Kvalheim, E. (2020a, 1. mars). *Finansbransjen trenger nye verktøy og ny kompetanse*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/finansbransjen-trenger-nye-verktoy-og-ny-kompetanse/>
- Kvalheim, E. (2020b, 1. mars). *Ute av «hemmelig tjeneste»*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/ute-av-hemmelig-tjeneste/>
- Kvalheim, E. (2020c, 1. september). *Hvor mye må vi forstå av det kunstig intelligens kan hjelpe oss med?* Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/hvor-mye-ma-vi-forsta-av-det-kunstig-intelligens-kan-hjelpe-oss-med/>
- Lien, K. (2019, 28. mai). *Digitalisering av regnskapsbransjen: Hvem vinner?* Visma. <https://www.visma.no/blogg/regnskapsbyra-hvem-blir-fremtidens-vinnere/>
- Løvold, M. K. (2022, 28. januar). *Regnskapsbedriftene trenger IT-kompetanse i rollen som kundens nærmeste rådgiver*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/magasin/regnskapsbedriftene-trenger-it-kompetanse-i-rollen-som-kundens-narmeste-radgiver/>
- Løvaas, I., Madsen, D. Ø., Stenheim, T. & Korhonen-Sande, S. (2018). *Fra bokfører til rådgiver?: En analyse av utviklingen i kravene til regnskapsføreres kunnskaper, ferdigheter og holdninger i perioden 2005–2015*. *Beta*, 32(2), 165–180. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-3134-2018-02-03>
- Madic, J. (2021). *Hvordan bli en grønn økonom?* Econa. <https://nye.econa.no/faglig-oppdatering/medlemsbladet-magma/5-2021/hvordan-bli-en-gronn-okonom/>
- Meld. St. 16. (2015-2016). *Fra utenforskap til ny sjanse—Samordnet innsats for voksnes læring*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/daaabc96b3c44c4bbce21a1ee9d3c206/no/pdfs/stm201520160016000dddpdfs.pdf>
- NOU 2018: 9. (2018). *Regnskapsførerloven—Forslag til ny lov om regnskapsførere: Revisor- og regnskapsførerlovutvalgets andre utredning. Utvalget ble oppnevnt ved kongelig resolusjon 2. Oktober 2015. Avgitt til Finansdepartementet 1. Juni 2018*. Finansdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/Off27f97db1c4b638f031023654ecea7/no/pdfs/nou201820180009000dddpdfs.pdf>
- PwC. (u.å.-a). *Hva er kunstig intelligens?* PwC. Henta 12. februar 2023 frå <https://www.pwc.no/no/teknologi-omstilling/digitalisering-pa-1-2-3/kunstig-intelligens.html>
- PwC. (u.å.-b). *Robotic process automation (RPA)*. PwC. Henta 12. februar 2023 frå <https://www.pwc.no/no/teknologi-omstilling/digitalisering-pa-1-2-3/rpa.html>

- Regnskap Norge. (u.å.-a). *Kompetanseprogrammet 2023*. Regnskap Norge. Henta 15. mai 2023 frå <https://www.regnskapnorge.no/akademiet/presentasjon-kompetanseprogrammer/>
- Regnskap Norge. (u.å.-b). *Om Yrket*. Regnskap Norge. Henta 1. mars 2023 frå <https://www.regnskapnorge.no/faget/karriere/jobb-og-karriere/>
- Regnskap Norge. (u.å.-c). *Relasjonskompetanse*. Regnskap Norge. Henta 15. mai 2023 frå [https://www.regnskapnorge.no/akademiet/kurs/forretningsutvikling2/forretningsutvikling\\_hjelp/relasjonskompetanse/](https://www.regnskapnorge.no/akademiet/kurs/forretningsutvikling2/forretningsutvikling_hjelp/relasjonskompetanse/)
- Regnskap Norge. (2020, 11. mars). *Automatisering gir regnskapsfører nye oppgaver og utfordringer*. Regnskap Norge. <https://www.regnskapnorge.no/faget/artikler/magasin/automatisering-gir-regnskapsforer-nye-oppgaver-og-utfordringer/>
- Regnskapsførerloven. (2020). *Lov om regnskapsførere* (LOV-2022-12-16-90). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2022-12-16-90?q=regnskapsf%C3%B8rerlova>
- Riise, S. (2004). Regnskapsførerbransjen – en bransje i endring. *Praktisk Økonomi & Finans*, 20(4), 49–57. <https://doi.org/10.18261/ISSN1504-2871-2004-04-07>
- Schwab, K. (2016, 14. januar). *The Fourth Industrial Revolution: What it means and how to respond*. World Economic Forum. <https://www.weforum.org/agenda/2016/01/the-fourth-industrial-revolution-what-it-means-and-how-to-respond/>
- Sintef. (u.å.). *Digitalisering*. Sintef. Henta 14. mai 2023 frå <https://www.sintef.no/fagomrader/digitalisering/>
- Synega (2021, 25, mars). *Hva er et regnskapsbyrå?*. Synega. <https://synega.no/regnskap/hva-er-et-regnskapsbyra%C3%A5/>
- Torlone, T., Howell, R., Ip, F. & Mahajan, A. (2016). *Organize your future with robotic process automation*. PwC. <https://www.pwc.no/no/publikasjoner/Digitalisering/robotics-process-automation.pdf>
- View Ledger. (u.å.-a). *Bærekraftsrapportering: Hvorfor og hvordan?* View Ledger. Henta 20. mai 2023 frå <https://www.viewledger.no/barekraftsrapportering>
- View Ledger. (u.å.-b). *Nye tider for økonomiavdelinger: Høyere endringstakt og bredere kompetansekrav*. View Ledger. Henta 27. februar 2023 frå <https://www.viewledger.no/nye-tider-for-okonomiavdelinger-hoyere-endringstakt-og-bredere-kompetansekrav/>
- Visma. (u.å.). *Regnskap: Hva er regnskap?* Visma. Henta 1. mars 2023 frå <https://www.visma.no/eaccounting/regnskapsordbok/r/regnskap/>

## 8.0 Vedlegg

### Vedlegg 1 – Bakgrunnsinformasjon respondentar

Respondent 1	Utdanning : Siviløkonom Stilling : Dagleg leiar og eigar av rekneskapsbyrå Erfaring i rekneskapsbransjen: 26 år i same bedrift Erfaring med digitalisering: Ja, har fått det etterkvart, Skildring av IT-kunnskap: Vil seie den er god, men ikkje veldig god
Respondent 2	Utdanning : Bachelor i økonomi og administrasjon: Starta på ein master, men ikkje gjennomført Stilling : Dagleg leiar, statsautorisert rekneskapsfører Erfaring i rekneskapsbransjen: Jobba sidan ferdig med bachelor i 2012 Erfaring med digitalisering: Skildring av IT-kunnskap: Ikkje veldig dårleg, men heller ikkje veldig god
Respondent 3	Utdanning: Tre år med handelsskule Stilling: Rekneskapsfører Erfaring i rekneskapsbransjen: Jobba med rekneskap sidan 1981, starta her eg er no i 2015 Erfaring med digitalisering: Ja, mykje erfaring etter at ein gjekk over i programmet Visma Skildring av IT-kunnskap: God på rekneskapsprogram, operasjonsprogram er meir vanskeleg
Respondent 4	Utdanning: Bachelor i økonomi og administrasjon Stilling: Statsautorisert rekneskapsfører Erfaring i rekneskapsbransjen: Jobba i same verksemd i 9 år Erfaring med digitalisering: ja, jobba internt med digitalisering i denne verksemda Skildring av IT-kunnskap: Over snittet god

## Vedlegg 2 – Intervjuguide

### Introduksjon

Først vil vi fortelje litt om oss sjølv

#### **Starte intervjuet med å gje litt informasjon**

- Starte intervjuet med å gjenta at dette intervjuet er anonymt. Det betyr at vi ikkje nemner namn, eller noko som kan føre til at ein kan gjenkjenne intervjuobjektet i oppgåva.
- Ein av oss skal intervju og den andre noterer samtidig.
- Du kan kva tid som helst før innlevering av oppgåva trekkje deg frå å delta.
- Om du ynskjer å sjå det vi har skreve etter intervjuet kan vi sende det til deg.
- Kan vi dersom det er noko som er uklart i etterkant av intervjuet spørje deg om det som er uklart?

#### **kva prosjektet vårt handlar om og kva vi ynskjer å få svar på**

- Vi ynskjer å utforske om digitalisering har ført til eit skifte i kompetanseområdet/kompetansekrav til rekneskapsførarar og om arbeidsoppgåvene no og i framtida har blitt påverka av dette.
- Prosjektet tar utgangspunkt i problemstillinga: “ På kva måte har digitalisering endra kompetansekravet og arbeidsoppgåvene til dagens og framtidens rekneskapsførarar?

### Intervjuguide

#### **Innleiande spørsmål**

- Kva utdanning eller bakgrunn har du?
- Kan du fortelje om kva type stilling du har
- Kor lang erfaring har du innan rekneskap?
- Har du mykje erfaring med digitalisering?
- Korleis vil du beskrive dine IT-kunnskapar?

#### **Hovudspørsmål**

#### **Kundebehov**

- Er det forskjell på kva kundar krev no enn før?

### **Arbeidsrolla til rekneskapsførar no**

- Kva oppgåver utfører du som rekneskapsførar?
- Kor stor andel av dei oppgåvene du utfører er rutineprega oppgåver?
- Kan digitalisering føre til at dei rutineprega oppgåvene vil forsvinne?
- Er det forskjell på rekneskapsoppgåver no enn tidlegare? I såfall kva?
- Kva trur du blir framtidens rekneskapsoppgåver?
- Korleis syns du digitalisering har påverka din arbeidskvardag og arbeidsoppgåver? (er det meir effektivisering for eksempel?).

### **Kompetanse i bransjen**

- Tilsetting rett frå bachelor, er det noko generelt/spesielt av kompetanse dykk ser etter?
- Noko du saknar av kompetanse hjå nytilsette rekneskapsførarar?
- Har digitalisering ført til endring i kompetansebehovet hjå rekneskapsførarar? (Er det andre kompetansekrav til rekneskapsførar no enn før?).

### **Digitalisering**

- Kva type digitaliseringar er gjort hjå dykk? (for eksempel: skybasert rekneskap, rekneskapssystem, mv).

### **Framtidens kompetansebehov**

- Tenkjer du at det trengs breiare kompetansekrav for å møte den digitale utviklinga? (kva kompetanse treng rekneskapsførarar i framtida?)
- *Kva tenkjer du om framtidens kompetanse på: (Trengs det større kompetanse på dette i framtida?)*
- *Teknologi (må ein ha meir kunnskap om datasystemer, rekneskapssystemer mv).*
- *Berekraftsrapportering*
- *Rådgjeving (er det meir kundekontakt no, krevs det meir kompetanse på kommunikasjon eller analyser mv.)*

### **Avsluttande spørsmål**

- Vil du legge til noko vi ikkje har spurt om eller utforska nok om?
- Er det noko du vil utdjupe meir?



# Høgskulen på Vestlandet

## BO6-2001: Bacheloroppgave regnskapsfører

BO6-2001-BO-2023-VÅR-FLOWassign

### Predefinert informasjon

<b>Startdato:</b>	12-05-2023 12:00 CEST	<b>Termin:</b>	2023 VÅR
<b>Sluttdato:</b>	26-05-2023 14:00 CEST	<b>Vurderingsform:</b>	Norsk 6-trinns skala (A-F)
<b>Eksamensform:</b>	Bacheloroppgave i grupper på 2-3 personer		
<b>Flowkode:</b>	203 BO6-2001 1 BO 2023 VÅR		
<b>Intern sensor:</b>	(Anonymisert)		

### Deltaker

<b>Naun:</b>	Line Romsøe
<b>Kandidatnr.:</b>	209
<b>HVL-id:</b>	241592@hvl.no

### Informasjon fra deltaker

<b>Antall ord *:</b>	19915
----------------------	-------

**Egenerklæring \*:** Ja  
**Jeg bekrefter at jeg har Ja**  
**registrert**  
**oppgavetittelen på**  
**norsk og engelsk i**  
**StudentWeb og vet at**  
**denne vil stå på**  
**vitnemålet mitt \*:**

### Gruppe

<b>Gruppenaun:</b>	Bachelor Karoline og Line
<b>Gruppenummer:</b>	8
<b>Andre medlemmer i gruppen:</b>	Karoline Salbu

Jeg godkjenner avtalen om publisering av bacheloroppgaven min \*

Ja

Er bacheloroppgaven skrevet som del av et større forskningsprosjekt ved HVL? \*

Nei

Er bacheloroppgaven skrevet ved bedrift/virksomhet i næringsliv eller offentlig sektor? \*

Nei